

# Nynorsk i praksis

## Lærarstudentar møter nynorskelevar

*Sluttrapport*  
*August 2009*

Berit W. Bjørlo og Morten Rønning



## Innhald

- 1 Prosjektrammer 3
  - 1.1 Prosjektansvarlege 3
  - 1.2 Mål og problemstillingar 3
  - 1.3 Metodar 3
  - 1.4 Praktiske rammer 4
  - 1.5 Kontakten med øvingslærarane 4
- 2 Aktivitetar 5
  - 2.1 Fellessamlingar 5
  - 2.2 Kursdagar 5
  - 2.3 Læringsressursar 5
  - 2.4 Praksisoppfølging 6
  - 2.5 Nynorsk bok i praksis 6
  - 2.6 Spørjeundersøkingar 7
  - 2.7 Bortvalde planlagde aktivitetar 7
- 3 Spørjeundersøkingane 7
  - 3.1 Metode og datagrunnlag 7
  - 3.2 Bokmål eller nynorsk som hovudmål? 8
- 4 Analyse av spørjeundersøking I 8
  - 4.1 Del A: Holdningar til lærarpraksis i nynorskgruppe 8
  - 4.2 Del B: Språkpolitiske holdningar 9
  - 4.3 Del C: Frie svar om eigne holdningar og nynorskkompetanse 9
- 5 Analyse av spørjeundersøking II 9
  - 5.1 Kan vi spore holdningsendringar? 10
  - 5.2 Skriftleg kompetanse – ei betring? 10
  - 5.3 Utbytte av kurs og nettstader 11
  - 5.4 Bruk av nynorsk skjønnlitteratur og sakprosa i klasserommet 11
- 6 Spørjeundersøking I og II: Samanlikning 12
  - 6.1 Opne svar om nynorsk i praksis 12
  - 6.2 Målbyte før og etter lærarutdanning 13
- 7 Spørjeundersøking III: Respons frå øvingslærarane 14
- 8 Språkholdningar og lærarrolle 14
  - 8.1 Er svara pålitelege? 14
  - 8.2 Holdning og handling i eit yrkesprofesjonelt perspektiv 15
- 9 Didaktiske perspektiv 16
  - 9.1 Nynorskkompetanse – ein dannande praksis 16
  - 9.2 Er nynorskdidaktikk eit tenleg omgrep? 17
- 10 Konklusjonar 18
- 11 Vidareføring av prosjektet 19
- Litteraturliste 21
  - Vedlegg 1: Spørjeskjema I 22
  - Vedlegg 2: Spørjeskjema II 25
  - Vedlegg 3: Spørjeskjema til øvingslærarar 28
  - Vedlegg 4: Sjekkliste for nynorsk 29
  - Vedlegg 6: Nynorsk på nett 36

# 1 Prosjektrammer

## 1.1 Prosjektansvarlege

Fagansvarlege er Berit W. Bjørlo og Morten Rønning, begge høgskolelektorar i norsk ved Høgskolen i Bergen.

## 1.2 Mål og problemstillingar

Prosjektet undersøker i kva grad allsidig nynorskbruk i praksisopplæringa – i samspel med ulike stimuleringstiltak – kan bidra til å styrkje nynorskkompetansen til lærarstudentar. Deltakarar var 29 allmennlærarstudentar ved Høgskolen i Bergen som studieåret 2008/2009 fekk praksisopplæring i elevgrupper med nynorsk som hovudmål.

Kva slags utfordringar tilfører den norske tospråkssituasjonen ikkje berre morsmålsfaget, men også lærarprofesjonen i vid forstand? I tråd med Kunnskapsløftet (*LK06*) skal alle lærarar kunne vere lese- og skrivelærarar i alle fag på alle trinn, både på nynorsk og bokmål. I lærarutdanninga skal altså studentane, også dei som har hatt nynorsk som sidemål i grunnskolen og i den vidaregåande skolen, i løpet av studietida bli kvalifiserte til å bruke nynorsk som hovudspråk i alle fag dei skal undervise i. Vi ser derfor lærarstudentane sin nynorskkompetanse både i eit *profesjonsperspektiv* og eit *danningsperspektiv*.

Vi formulerte desse problemstillingane som ramme for arbeidet:

- 1) Korleis møter lærarstudentar utfordringa med å vere nynorskbrukarar i praksisperioden?
- 2) Kva forskjellar i holdning og nynorskkompetanse vil det vere mellom studentar som har eller har hatt nynorsk som hovudmål og studentar som berre har erfaring med nynorsk som sidemål?
- 3) I kva grad kan praksiserfaringar bidra til å endre holdningar til og betre kunnskapane om nynorsk språk og tekstkultur?
- 4) Kva typar nynorskkompetanse trengst i ein lærarpraksis? Kva inneber det å sjå nynorskkompetanse i eit danningperspektiv?
- 5) Er nynorskdidaktikk eit tenleg omgrep?
- 6) Korleis kan både lærarutdannarar og øvingslærarar stimulere studentane til å bli gode skrive- og leselærarar på nynorsk i alle fag?

Resultat frå forskning og utviklingsarbeid om nynorskopplæring viser at allsidig og meningsfull nynorskesponering gir eit stort potensial for å betre nynorskkunnskapar. Dette FoU-arbeidet undersøkte i kva grad møtet med 'det nynorske klasserommet' kunne fungere som ei drivkraft til betre og meir allsidige nynorskkunnskapar. Men det var også eit mål å avdekkje eventuelle manglar i nynorskkompetansen hos lærarstudentane og dermed kartleggje behov for tiltak som kan styrkje denne.

## 1.3 Metodar

I arbeidet med prosjektet la vi vekt på desse arbeidsmåtane:

- Kartleggingsarbeid ved hjelp av spørjeskjema
- Stimuleringstiltak i form av kurs, nettressursar og rettleiing
- Praksisoppfølging
- Nettverkssamarbeid mellom øvingslærarar og høgskolen

Prosjektet er både eit *forskningsretta* og *deskriptivt* arbeid, der kartleggingsmetodar står sentralt, og eit *utviklingsarbeid*, der vi som prosjektleiarar blir *aktørar* i tiltak med *normativ* karakter.

#### **1.4 Praktiske rammer**

Høgskolen i Bergen har i fleire år brukt praksisskolar i bynære kommunar der nynorsk er opplæringsmål for mange elevar. Rundt 10 % av studentkullet kan kvart år rekne med å få praksis i elevgrupper med nynorsk som hovudmål.

Hausten 2008 fekk 29 av 268 førsteårsstudentar lærarpraksis i grupper med nynorskelevar, og alle desse blei med i prosjektgruppa vår. Tre av desse slutta i lærarutdanninga i løpet av året. Før siste praksisoppsumming var studenttalet i prosjektgruppa dermed redusert til 26. Studentane var fordelte på fem praksisskolar i kommunane Os og Fjell, som begge grensar til Bergen. Til saman åtte øvingslærarar var praksisansvarlege for studentane.

Spørjegranskingane våre viser at heile 14 av studentane i forsøksgruppa vår hadde nynorsk som hovudmål i heile eller delar av tidlegare skolegang. Bakgrunnen for den høge nynorskprosenten botnar mest sannsynleg i premissar for utvalet av studentar til dei ulike praksisskolane. Praksiskontoret ved Avdeling for lærarutdanning plasserer studentane etter kva adresse dei har, slik at dei ikkje skal få lenger reiseveg enn nødvendig. Ein student frå ein av kommunane rundt Bergen, som sjølv kan ha hatt nynorsk som opplæringsmål, får gjerne praksisplass i same kommunen, altså på ein skole med nynorskelevar. No har Høgskolen i Bergen generelt sett ein god del studentar som kjem frå vestlandsområde med mange nynorskbrukarar. Men i prosjektgruppa vår har det likevel vore ein overrepresentasjon av studentar som har eller har hatt nynorsk som hovudmål.

Ved HiB er det obligatoriske norskfaget (30 studiepoeng) lagt til det første året i lærarutdanninga. Norskfaget er delt i tre emne: munnleg kommunikasjon, tekstkunnskap og språkkunnskap, der det første emnet har seks studiepoeng og dei to siste har tolv studiepoeng kvar. Innanfor emnet språkkunnskap er nynorsk obligatorisk målform både for dei obligatoriske forprøvene og ved ein individuell skriftleg skuleeksamen. Det semesteret studentane skal ha eksamen i språkkunnskap, får dei tilbod om eit ti timars kurs i nynorsk. Deltakarane i prosjektet vårt møter altså nynorsken både i praksissituasjonen og i norskfaget ved høgskolen. Ved å avgrense prosjektet til førsteårsstudentar kan vi framheve verdien av eit samspel mellom nynorskbruk i praksistida og norskfaget ved høgskolen.

Studentane i prosjektet var spreidde på fire av i alt åtte førsteklassar i allmennlærarutdanninga. Desse klassane hadde ulik timeplan, og det var derfor ikkje lett å finne felles møtetid for prosjektgruppa. Det var også ei utfordring å få studentane til å prioritere faglege samlingar som ikkje inngår i obligatorisk undervisning og pensum. Vi måtte derfor avgrense talet på fellessamlingar og i stor grad bruke læringsplattforma It's learning som kommunikasjonskanal. Dessutan la vi vekt på praksisoppfølging og hadde samtalar med øvingslærarane og studentane i praksisperiodane.

#### **1.5 Kontakten med øvingslærarane**

Øvingslærarane fekk tidleg i september skriftleg informasjon om prosjektet *Nynorsk i praksis*. Dei samtykte i at studentane kunne delta i prosjektet, og ville leggje til rette for at prosjektansvarlege kunne komme til praksisskolane og ha samtalar med studentane. Det viste seg vanskeleg å etablere ei nettverksgruppe slik planen var. Lærarane såg seg ikkje i stand til å setje av tid til ekstra møteverksemd i ein travel lærarkvardag. Dei sette likevel pris på å bli inviterte til dei kursa vi arrangerte i regi av Nynorsksenteret.

## **2 Aktivitetar**

Her følgjer ei oversikt over aktivitetar knytte til prosjektet *Nynorsk i praksis* gjennom studieåret 2008/2009. Ei evaluering av desse tiltaka er å finne i resultatata frå spørjeskjema II frå april 2009. (Sjå svargrunnlag i vedlegg 2 og analysen av resultatata i kapittel 4.)

### **2.1 Fellessamlingar**

På ei første samling i september 2008 svarte studentane på eit spørjeskjema om holdningar til nynorsk og om korleis dei vurderte eigne nynorskkunnskapar. Dessutan inneheldt skjemaet spørsmål om kva forventningar dei hadde til praksisopplæring i ei elevgruppe med nynorskelevar. Studentane blei også informerte om nyttige nettressursar og om at dei i løpet av skoleåret ville få tilbod om kurs og anna fagleg støtte.

På neste fellessamling i januar 2009 hadde vi fokus på praksiserfaringar, læringsressursar, planlegging av kursdagar og andre faglege tiltak.

På siste samling i april svarte studentane på ei ny spørjeundersøking der erfaringar med nynorskbruk i praksisperiodane stod sentralt. Granskinga evaluerte også ulike stimuleringstiltak i regi av prosjektet.

### **2.2 Kursdagar**

I november 2008 inviterte vi studentane og øvingslærarane til eit halvdagskurs om nyare barnelitteratur i regi av Janne Støylen frå Nynorsksenteret. Med tanke på at studentane kunne få bruk for boktipsa undervisningspraksisen, var kurset var lagt til veka før studentane skulle i ut i praksis.

I februar 2009 arrangerte vi eit nytt halvdagskurs om bruk av nettkurset "På nynorsk". Ingrid Slettevoll frå Nynorsksenteret var kurshaldar.

### **2.3 Læringsressursar**

Tidleg i haustsemesteret presenterte vi nyttige læringsressursar om nynorsk språk, nynorske tekstar og nynorskundervisning. Vi viste til mangfaldet av ressursider på nettstaden til Nynorsksenteret og oppfordra studentane til aktiv bruk av desse ressursidene.

I tillegg presenterte vi nynorskmappene som er lagt inn for alle førsteklasse på HiBs læringsplattform. Desse ressursane er utarbeidde av Berit W. Bjørlo som eit ledd i dei årlege nynorskkursa for lærarstudentane. Lenkjesamlinga og innhaldet i desse læringsressursane blir oppdaterte kvart halvår. Det er særleg tre dokument vi oppfordrar studentane i prosjektet vårt til å orientere seg i:

#### **1) Sjekkliste for nynorsk (vedlegg 4)**

Lista gir eit kort oversyn over grunnreglane for formverk, ordval og setningsbygnad på nynorsk. Målet med bruken av sjekklista er å få redusert feilprosenten i eigne tekstar utan hyppig bruk av ordbok. Dersom ein er trygg på grunnreglane, blir ein mindre avhengig av ordbok.

#### **2) Lesestoff på nynorsk for barn, unge og vaksne (vedlegg 5)**

Denne ressursen inneheld ei oversikt over aktuelle forfattarar som skriv på nynorsk og lenkjer til nettstader med bakgrunnsinformasjon om nynorsk skjønnlitteratur og sakprosa for ulike aldrar og lesargrupper.

### 3) Nynorsk på nett (vedlegg 6)

Her er det samla nyttige lenkjer til blant anna digitale nynorskkurs og nettressursar for nynorsk i opplæringa.

## 2.4 Praksisoppfølging

Ved HiB skal alle allmennlærerstudentar ut i grunnskolepraksis tre veker om hausten og fire veker om våren første studieåret. Praksisperioden om hausten er todelt med først ei veke observasjonspraksis og seinare to samanhengande veker praksis der studentane deltar i undervisninga. I hovudsak er den første veka (hausten 2008: veke 39), observasjonspraksis, og dei to neste (hausten 2008: vekene 47-48), vanleg praksis. Om våren har studentane fire vekers samanhengande undervisningspraksis (våren 2009: veke 11-14).

Prosjektleiarane treffe alle studentane i minst ein av praksisperiodane for å samtale om nynorskbruk i undervisninga. Dei fleste fekk besøk to gonger. Dei til saman 13 praksisbesøka gav oss også verdifull kontakt med øvingslærarane.

I første praksisperiode var studentane heilt ferske i lærarrolla, og vi kunne derfor ikkje vente eit veldig sterkt fokus på nynorsken verken frå øvingslærarane eller studentane si side. Vi ønskte likevel å få i gang eit tidleg engasjement for nynorskbruk. Dei fleste øvingslærarane la vekt på at studentane skulle bruke nynorsk frå første stund både når dei skreiv eigne undervisningsplanar, i oppgåver og skriv som blei delte ut til elevane, og som tavlespråk. På ein av praksisskolane fekk studentane velje fritt kva målform dei ville bruke. Vi oppfordra desse studentane til å bli aktive nynorskbrukarar i neste praksisperiode. Hovudintrykket var at dei studentane som kjende seg utrygge på nynorsken, var innstilte på å kunne betre nynorskkunnskapane sine før neste praksisperiode.

Den siste praksisperioden, som strekte seg over fire samanhengande veker, gav rom for meir nynorskbruk enn den første. Sidan dei fleste studentane også kjende seg tryggare i lærarrolla, hadde dei meir overskot til å arbeide med nynorsken. Både øvingslærarane og studentane la mest vekt på at alle skriv og tekstar som blei delte ut til elevane, skulle ha korrekt språkbruk.

Vi registrerte at studentane ikkje alltid la like stor vekt på språkleg kvalitet når dei skreiv undervisningsplanar. Mange opplevde tidspress i undervisningsplanlegginga, og fleire gav uttrykk for at det derfor ikkje blei tid til å finpusse språket i planane. Å skrive nynorsk på tavla var også ei utfordring for mange.

Vi samtalte dessutan om formidling av nynorske tekstar. Fleire øvingslærarar presiserte at ein del studentar trong øving i høgtlesing på nynorsk. I tillegg til nettressursar hadde studentane brukt både øvingslærarane og skolebiblioteka for å få gode boktips.

## 2.5 Nynorsk bok i praksis

I vårsemesteret 2009 følgde vi opp fokuset frå Janne Støylens kurs om nyare nynorsk barnelitteratur. Vi ønskte å motivere studentane til å bruke kvalitetssikra nettstader (særleg nynorsksenteret.no, barnebokkritikk.no, barnelitteratur.no, barnebok.no) for å orientere seg om nynorsktekstar for barn og unge. I samråd med øvingslærarane utfordra vi studentane til å velje ut nynorskbøker – både skjønnlitteratur, sakprosa og fagtekstar – som dei skulle presentere for elevane sine i praksisperioden. Formålet var å inspirere studentane til å bli aktive formidlarar av ulike typar nynorsktekstar for barn og unge. Meininga var også å bevisstgjere studentane om at ein lærars nynorskkompetanse inkluderer både *språkkunnskap*, *tekstkunnskap* og *refleksjon om formidling*.

Etter praksisperioden leverte kvar praksisgruppe inn bokomtalar og arbeidsloggar for korleis dei hadde brukt bøkene i undervisninga. Prosjektansvarlege gav alle gruppene skriftlege tilbakemeldingar på dei innleverte bokomtalane og loggane.

## 2.6 Spørjeundersøkingar

Vi har gjennomført i alt tre spørjegranskingar:

Spørjeundersøking I og II er retta mot *studentane* i prosjektgruppa og undersøker holdningar til og kunnskapar om nynorsk før og etter periodar med lærarpraksis i nynorskgrupper.

Spørjeundersøking III er retta mot *øvingslærarane*, der vi spør om korleis dei erfarte og vurderte studentane sin nynorskbruk og -kompetanse i løpet av praksistida.

Vi viser til spørjeskjemaet med nærmare datagrunnlag i vedlegg 1, 2 og 3. Dei tre spørjeundersøkingane blir analyserte og tolka i kapitla 3 - 8.

## 2.7 Bortvalde planlagde aktivitetar

**Diagnostiske testar:** Vi vurderte å bruke ei enkel kartleggingsprøve for å gi studentane tilbakemelding på kva nivå nynorskkunnskapane deira låg på før og etter praksisperiodane. Men vi erkjenner at det er ei fagleg krevjande oppgåve å lage diagnostiske testar som kan gi relevante og pålitelege svar om nivå og eventuell framgang i språkferdigheiter. Vi valde derfor å leggje planen om slik kartlegging til side.

**Rettleiingsgrupper:** Vi vurderte også å organisere rettleiing i (ny)norskdidaktikk i mindre studentgrupper for å gi råd og tips som kunne relaterast til dei årstrinna der studentane hadde undervisningspraksis. Men det viste seg vanskeleg å finne høvelege tidspunkt for slik rettleiing. Fleire av studentane meinte dessutan at det ville bli vanskeleg å prioritere tid til dette utanom obligatorisk undervisning.

# 3 Spørjeundersøkingane

## 3.1 Metode og datagrunnlag

Studentane leverte handskrivne og anonyme svar, mens svara frå øvingslærarane blei leverte som elektronisk post.

Dei tre spørjeundersøkingane har for det meste lukka spørsmål med fastlagde svaralternativ, og granskingane er derfor i hovudsak basert på *kvantitative* data. Respondentane er få med 26 studentar i spørjeundersøking I, 21 studentar i spørjeundersøking II og 3 øvingslærarar i spørjeundersøking III, og dei kvantitative resultatane kan derfor ikkje vurderast som representative. Men jamført med andre relevante undersøkingar kan data frå undersøkingane våre kanskje bli lesne som ein viss tendensmarkør for lærarstudentars holdningar til og kunnskapar om nynorsk og nynorskundervisning.

Undersøkingane har også nokre opne spørsmål som gir høve til udjupande svar. Desse delane har eit meir *kvalitativt* preg. Dei vedlagde svargrunnlagane (vedlegg 1 og 2) viser utvalde sitat frå dei opne svarkategoriene. I analysen av spørjeundersøkingane siterer og referer vi til frie svar som vi meiner kan gi innblikk i korleis studentane argumenter, vurderer og reflekterer over eigne holdningar og kunnskapar.

Dei to studentundersøkingane prøver å måle om det har skjedd ei positiv *utvikling* eller *endring* i holdningar og nynorskkompetanse. Svara er baserte på studentane sine subjektive vurderingar og gir derfor ikkje informasjon om ein meir objektivt vurdert framgang i

nynorskkompetansen. Svare frå dei tre øvingslærarane kan til ein viss grad supplere og nyansere svare frå studentane.

Delar av spørjegranskingane *evaluerer* både praksiserfaringane og diverse tiltak der vi som prosjektleiarar har hatt ei aktiv rolle.

### **3.2 Bokmål eller nynorsk som hovudmål?**

Svar på spørjeskjema I viser at 7 av 26 studentar hadde nynorsk som hovudmål i vidaregåande skole. I spørjeskjema II undersøker vi i tillegg kor mange studentar som har skifta frå nynorsk til bokmål etter grunnskolen. Av dei 21 som svarte i april, gir 14 av studentane opp at dei hadde nynorsk som opplæringsmål i barneskolen, 13 i ungdomsskolen og 8<sup>1</sup> i vidaregåande skole. Nesten halvparten av dei 14 studentane som hadde nynorsk i barneskolen, har altså på eit seinare tidspunkt skifta til bokmål som hovudmål.

Svare viser at det er fleire som reknar nynorsk som hovudmålet sitt i dag (9) enn det var då dei gjekk på vidaregåande (8). I tillegg er det éin student som reknar nynorsk og bokmål som likestilte språk i eigen skrivepraksis.

Litt over halvparten av studentane er altså vaksne opp i nynorskmiljø og har hatt nynorsk som hovudmål gjennom heile eller delar av skolegangen. Andre kjem frå bokmålmiljø og har ikkje lært seg meir nynorsk enn dei har fått gjennom sidemålsopplæringa.

## **4 Analyse av spørjeundersøking I**

Den første av spørjeundersøkingane blei gjennomført i september 2008 før første praksisperiode. Spørjeskjemaet (vedlegg 1) er delt i tre hovudområde:

Del A dreier seg om holdningar til og forventa krav til undervisningspraksis i nynorskgruppe. Her er det nokre få oppgitte svaralternativ å velje mellom. I del B skal studentane ta stilling til nokre påstandar om nynorsken si rolle i samfunnet. Her skal studentane seie seg einige eller ueinige i påstandane. Del C har meir opne spørsmålsstillingar om holdningar og nynorskkompetanse.

Av dei 29 deltakande studentane fekk vi svar frå 26.

### **4.1 Del A: Holdningar til lærarpraksis i nynorskgruppe**

I del A gir 7 studentar opp at dei hadde nynorsk hovudmål på vidaregåande skole, 19 hadde bokmål. Det er fleire som skriv at dei ikkje har hatt nynorskundervisning på vidaregåande skole. Påstanden tar vi ikkje heilt bokstaveleg. Det kan hende læraren ikkje har stått oppe ved tavla og bøygd verb og substantiv, men skriftlege innleveringar med tilbakemelding frå læraren vil vi tru dei har hatt.

Det er interessant å sjå at heile 19 av 26 studentar ville ha valt praksis i bokmålsklasse dersom dei kunne ha valt sjølve. Talet er det same som talet på dei som gir opp at dei hadde bokmål som hovudmål i vidaregåande skole. Ideelt sett burde studentar som kjenner seg svake i nynorsk, ønskje praksis i nynorskskole for å øve seg både med tanke på eksamen og framtidig yrkeskarriere. Men truleg vil mange gjerne ha praksis i bokmålsklasse fordi dei opplever det som enklare. Likevel er det berre 3 som svarer direkte nei på spørsmålet om dei ser det som positivt å ha praksis på nynorskskole. Det store fleirtalet synest det vil vere positivt, anten i

---

<sup>1</sup> I spørjeundersøking II frå april 09 svarer altså 8 studentar, ikkje 7 som i spørjeundersøking I, at dei hadde nynorsk som hovudmål på vidaregåande skole. Forklaringa på dei ulike tala kan vere at ein av dei tre som ikkje svarte på første spørjegranskinga, er blant dei respondentane i siste gransking som gir opp nynorsk som hovudmål på vidaregåande skole.



stor grad eller i nokon grad, å praktisere i nynorskgrupper. Svara viser altså ei rimeleg positiv holdning til å praktisere i 'det nynorske klasserommet'.

Tre av spørsmåla dreier seg om problem med å bruke nynorsk i ein praksissituasjon. To tredelar svarer at dei enten i stor eller i nokon grad vil få ekstra arbeid med nynorskpraksis og problem med å skrive nynorsk spontant på tavla.

#### **4.2 Del B: Språkpolitiske holdningar**

Denne delen kartlegg kva holdningar studentar har til nynorsken si rolle i det norske samfunnet ved at dei tek stilling til ei rekkje påstandar. Det er stor tilslutnad (22 av 26) til påstanden om at ein allmennlærer skal meistre både bokmål og nynorsk. Det er også eit stort fleirtal som meiner at nynorsk byggjer på dialektane. Svara er meir jamt fordelte på utsegner som gjeld kor godt nynorsken høver i alle samanhengar, kor arbeidskrevjande nynorsken er, og kven som skal bestemme kva målform(er) som skal brukast i Noreg.

Det kan i første omgang vere noko overraskande at vel halvparten er ueinige i påstanden om at nynorsk er vanskeleg å lære. Men opplysningane frå spørjeskjema II viser at vel halvparten av studentgruppa har hatt nynorsk som opplæringsmål i grunnskolen, og dette kan vere forklaringa på at dei ikkje oppfattar nynorsk som eit vanskeleg språk.

#### **4.3 Del C: Frie svar om egne holdningar og nynorskkompetanse**

Her fekk studentane tre spørsmål der dei kunne formulere fritt sine egne vurderingar. På spørsmål om korleis dei ser på stillinga til nynorsken i det norske samfunnet i dag, meiner nokre det er for mykje nynorsk, andre at det er for lite. Fleire er inne på at ein bør kunne "velje". Truleg er det tale om å kunne velje vekk opplæring i skriftleg sidemål.

Svara fordeler seg jamt på spørsmålet om kva holdningar dei sjølve har til nynorsk. Det finst dei som elsker nynorsk, og dei som seier klart frå at dei er negative. Éin synest nynorsk er "gammeldags og på en måte skremmende" og ein annan synest det "er lettere å dikte på nynorsk enn på bokmål". Dei fleste plasserer seg likevel ein stad i midten, helst mot det positive.

På det siste spørsmålet skulle studentane vurdere sine egne nynorskkunnskapar. Her fekk vi alle variantane til svar – frå dei som meiner dei meistrar nynorsk til dei som seier at dei er elendige. Éin student skriv: "Jeg kan ikke nynorsk, har aldri brukt nynorsk før, så det eneste jeg kan er *eg* og *ikkje*." Sjølvmeldingane verkar for det meste realistiske. Vi som har vore norsklærarar i dette skoleslaget i nokre år, veit at nynorskkompetansen kan vere så ymse. Men det er slett ikkje slik at vi har berre dårlege studentar.

Fleire svar på spørsmåla i del C finst i vedlegg 1.

### **5 Analyse av spørjeundersøking II**

Denne undersøkinga (vedlegg 2) blei gjennomført mot slutten av studieåret, i april 2009, etter at praksis og undervisning var avslutta og like før eksamen. 21 av dei opphavleg 29 studentane svarte. Tre hadde slutta på skolen, fem leverte ikkje skjemaet. Svarprosenten er altså lågare enn i spørjeundersøking I, der 26 av 29 svarte.

Data frå dette skjemaet skulle fortelje om praksiserfaringar studentane hadde gjort heile det første studieåret. Vi ønskte å kartleggje om det hadde skjedd endring og utvikling på fire hovudområde: *holdningar* til nynorsk og nynorskundervisning, *skriftleg kompetanse* i nynorsk, *utbytte av kurs og nettstader* og til sist *undervisningserfaringar* med bruk av *nynorsk skjønnlitteratur og sakprosa*. Vi viser til vedlegg 2 som inneheld talgrunnlaget.

## 5.1 Kan vi spore holdningsendringar?

På spørsmål om studentane si holdning til nynorsk har endra seg etter at dei tok til på allmennlærerutdanninga, svarer litt under halvparten ja. Desse studentane meiner dessutan dei har blitt betre i nynorsk det siste året, og fleire har blitt inspirerte til å arbeide for å bli betre.

Dei fleste, heile 17 av 21, uttrykkjer ei positiv holdning til å undervise på nynorskskole når dei blir ferdige lærarar, og fleire grunnir det med at nynorsk er deira eige språk. Ein student går så langt som til å seie at ho eller han berre vil undervise på nynorskskole. Men dei fleste gir opp at det å ha nynorsk som brukspråk i undervisninga vil krevje noko ekstra arbeid.

Éin ønskjer ikkje å undervise på nynorsk fordi elevane synest nynorsk er vanskeleg ”og [elevane] skjønner ikkje kvifor dei må skrive nynorsk”. Skjemaet presiserte ikkje om det er tale om nynorsk som hovudmål eller sidemål, og svaret kan tyde på at studenten har tenkt på sidemålet. Men nynorsk som opplæringsmål er under press mange stader, kanskje særleg på slike bynære skolar der studentane var i praksis. Ein skal ikkje sjå bort frå at elevane har synst det var vanskeleg med nynorsk, eller at enkelte har uttrykt uvilje mot nynorsk.

På spørsmål om det å undervise på nynorsk i praksisperioden representerte ei ekstra utfordring, meiner 11 av dei 21 at slik undervisning ikkje var vanskeleg. Ei nærare gransking viser at alle desse 11 har hatt nynorskopplæring på barne- og ungdomsskolen. Det er naturleg at desse ikkje opplever det som vanskeleg å undervise på nynorsk – i alle fall ikkje i same grad som dei som berre har erfaring med nynorsk som sidemål. Dei som har hatt bokmål som opplæringsmål i skolen, opplevde alle ei ekstra utfordring med å ha praksis i nynorskklasser.

Dei fleste gir opp at dei har same holdning til nynorsken i det norske samfunnet som dei hadde før. Vi observerer altså at det er i relasjon til *lærerprofesjonen* holdningsendringane viser seg. Studentane har fått eit meir positivt forhold til nynorsk i skolen. At fleire uttrykkjer ønske om å bli betre i nynorsk for å bli betre nynorsklærarar, må ein også sjå som ei positiv holdningsendring.

## 5.2 Skriftleg kompetanse – ei betring?

Alle seier at dei har fått øving i å skrive nynorsk i praksisperioden, ein tredel har fått trening ’i stor grad’. 12 studentar svarer ’ja’ på spørsmål om dei har brukt hjelpemiddel, 2 av dei ’i stor grad’. Dei 9 som svarte ’nei’, såg kanskje ikkje problema, eller dei var faktisk så flinke at dei ikkje trong hjelpemiddel. Eit tredje alternativ er at dei rett og slett skreiv lite, anten fordi det ikkje var så aktuelt å skrive særleg mykje til elevane eller fordi dei overlét skrivinga til andre (og flinkare?) studentar på praksisgruppa. På spørsmål om studentane har samarbeidd om å skrive best mogleg nynorsk, svarer 12 studentar ’i nokon grad’, 3 ’i stor grad’.

Svara på spørsmåla om hjelpemiddel og samarbeid avspeglar nok også at studentane si eiga skriving berre var eitt av mange område dei skulle konsentrere seg om og ha kontroll over i praksisperioden. For førsteklassestudentar er det meste nytt når dei skal ut i praksis, og det blir mykje å observere, lære og gjere.

Kjenner studentane seg tryggare som nynorskbrukarar etter praksisperioden? Berre 4 svarer ’nei’ på dette spørsmålet. Om det nett er praksisperioden som gjer at dei har blitt tryggare, kan vere vanskeleg å skilje ut både for oss og studentane. I tillegg til praksis har studentane hatt norskundervisning med forprøver på nynorsk dette studieåret, og ein del av dei har også gjennomført skriftleg eksamen på nynorsk mens resten står framfor ein slik eksamen. Når langt dei fleste svarer ’ja, i nokon grad’ i staden for ’ja, i stor grad’, kan vi kanskje ta det som eit teikn på at dei innser at det er eit stykke igjen til dei er fullkomne i nynorsk.

Dei aller fleste av studentane meiner likevel dei er rimeleg gode nok i nynorsk til å kunne undervise på ein nynorskskole. Heile 9 svarer ’ja, i stor grad’ på dette spørsmålet, 8 svarer ’ja,

i nokon grad'. Blant desse 17 finn vi alle dei 14 som har hatt nynorsk som opplæringsmål i skolen. Det er 4 som meiner dei ikkje er gode nok til å kunne undervise på ein nynorskskole, og dei er alle studentar som har hatt bokmål som opplæringsmål.

Kan studentane så tenkje seg å arbeide på ein nynorskskole? Tre firedelar seier ja til dette. Vi kan sjølv sagt spørje oss om det er andre enn språklege grunnar til svaret. Når studentane om nokre år blir ferdig utdanna allmennlærarar, vil det nok vere mykje anna enn målforma som avgjer arbeidsplass.

### **5.3 Utbytte av kurs og nettstader**

Ei gruppe spørsmål gjeld kursa vi arrangerte i samarbeid med Nynorsksenteret, der vi inviterte både studentane og øvingslærarane deira til halvdagskurs i "Nyare nynorsk barnelitteratur" i november og "Bruk av nettkurset På nynorsk" i februar. Berre 1 av studentane var med på begge kursa, 11 var med på eitt og 9 var ikkje med i det heile. Grunnen til den låge deltakinga trur vi er at studentane ser på slike kurs som ekstraarbeid. Dei har mykje obligatorisk undervisning, og kurs som ikkje er obligatoriske og ikkje er med på timeplanen, blir nedprioriterte. Av dei 11 som hadde vore med på eitt av kursa eller begge, hadde 9 hatt utbytte.

Dei fleste svarer at dei har brukt nettstadene nynorsksenteret.no, barnebokkritikk.no, barnebok.no og leselenkjer på Gi rom for lesing. Av dei har 13 'i nokon grad' hatt utbytte, 2 'i stor grad'.

### **5.4 Bruk av nynorsk skjønnlitteratur og sakprosa i klasserommet**

Ei gruppe spørsmål gjeld høgtlesing for elevane. Berre 1 seier at han eller ho i 'stor grad' hadde vanskar med å lese høgt for elevane på nynorsk. 15 meiner det ikkje var vanskeleg å lese nynorsk høgt, mens gir opp at dei i nokon grad hadde vanskar.

På spørsmål om *korleis* dei las nynorsk høgt svarer ingen at dei simultanomsette teksten til bokmål. Dersom dei hadde gjort det, hadde det vore i motstrid til føringar i Kunnskapsløftet som har som eitt av hovudmåla at "barn og unge får et bevisst forhold til språklig mangfold og lærer å lese og skrive både bokmål og nynorsk" (LK06, Læreplan i norsk:1). Etter 4. trinn skal elevane kunne "samtale om et utvalg sanger, regler, dikt, fortellinger og eventyr fra fortid og nåtid på bokmål, nynorsk og i oversettelse fra samisk og andre kulturer" (LK06, Læreplan i norsk:7). Ikkje heilt overraskande var det 13 som las med innslag av eller på eigen dialekt. Vegen er ikkje lang frå nynorsk skrift til tale for dei fleste studentane, dei har det vi noko upresist kan kalle ein "nynorsknær dialekt". 8 svarer at dei las på normalisert nynorsk.

Studentane blei også spurde om dei hadde tileigna seg tilstrekkeleg kunnskap om nynorsktekstar i ulike sjangrar og medium for ulike alderstrinn. 13 svarer ja, men det er vanskeleg å skilje ut kva som eventuelt kjem av prosjektet *Nynorsk i praksis* og kva som kan førast tilbake til norskundervisninga elles.

Til ein viss grad opplevde nok studentane at det var vanskeleg å finne gode nynorske tekstar til elevane, for 10 svarer 'i nokon grad', mens det berre er 7 som svarer 'nei'. Omtrent den same svarfordelinga finn vi på spørsmålet om det var vanskeleg å finne "læremiddel og anna materiell" på nynorsk.

Å utvikle eit solid og allsidig tekstforråd til bruk i undervisninga tek tid. For lærarar blir det ein kontinuerleg prosess å halde seg orientert om stadig nye aktuelle bøker og andre typar tekstar. Det er derfor naturleg at førsteårsstudentane ikkje kjenner seg trygge i denne rolla. Men gjennom arbeidet med bokomtalar og gjennom informasjon om gode nettstader, har

studentane fått innblikk i ressursar dei kan bruke for å byggje opp ein god nynorsk tekstbase. Svara tyder på at fleirtalet av studentane har hatt utbytte av denne prosessen.

Likevel gir halvparten opp at dei ikkje har hatt utbytte av arbeidet med bokomtalane knytt til oppgåva "Bok i praksis". Det er interessant å samanhalde desse svara med arbeidsloggane som følgde innleveringa av bokomtalane. Fleire studentar gir her uttrykk for at oppgåva var interessant og nyttig. Men ein god del av studentane var negative til at dei fekk ei ekstra skriftleg oppgåve som ledd i prosjektet vårt. Hardt arbeidspress med obligatoriske oppgaver i fleire fag, førte til at fleire studentar ikkje var særleg interesserte i å bruke tid på ei skriftleg oppgåve om utval, omtale og bruk av nynorske barnebøker. Desse studentane kan likevel hatt nytte av informasjon om nettressursar vi knytte til denne oppgåva. Som vist ovanfor svarer tre firedelar av studentane at dei har hatt utbytte av dei relevante nettstadene.

## **6 Spørjeundersøking I og II: Samanlikning**

### **6.1 Opne svar om nynorsk i praksis**

Både spørjeskjema I og II gir rom for at studentane kan formulere eigne oppfatningar. I undersøkinga II seier mange at det ikkje har vore den heilt store utfordringa å undervise nynorskelevar, men grunnane varierer. Éin kallar det "ein draum" å få undervise på nynorsk og ein annan skriv "Eg har alltid skrive nynorsk, og hatt nynorsk som hovudmål. Difor opplevde eg utfordringa med å undervise nynorskelevar som positiv og kjekk!" Men vi ser også ei nærast motsett forklaring: "Eg slit litt med nynorsk grammatikk, men det har ikkje vore veldig utfordrande likevel, fordi det var ikkje mykje eg skreiv."

Fleire legg vekt på at dei har lært noko av å ha praksis i nynorskklasse: "Det har vært litt utfordring med tanke på rettskriving på tavlen, men det gikk bedre i andre praksisperiode enn første." Eller denne: "Det har vært en grei opplevelse, men på grunn av mye skolearbeid ellers har det blitt lagt mindre vekt på å forbedre nynorsken. Men jeg føler at jeg har blitt tryggere på nynorsken".

Mange gir altså uttrykk for at dei har lært meir nynorsk, men det kan sjå ut til at andre sider ved praksisundervisninga har vore meir i fokus: "Syns det tok unødvendig lang tid for meg når jeg skulle skrive oppgaver eller skjema på NN. Hadde nok med andre oppgaver."

Sjølv om dei fleste studentane meiner dei har fått betre nynorskkunnskapar gjennom praksiserfaringa, kan det for mange vere langt fram til ein stø og god skriftleg kompetanse i nynorsk. I spørjeundersøking I svarer 6 studentar at nynorskkompetansen er dårleg, og 12 at kompetansen er middels, og 8 at han er god. Fleire av studentane hevdar seinare i spørjegransking II at dei har hatt ei viss positiv utvikling i nynorskkompetansen. Sidan undersøkingane byggjer på 'sjølvmeldingar' frå studentane, kan vi kan ikkje vite kor stor denne framgangen reelt sett har vore. Nynorskkompetansen har også berre vore eit delfokus i praksiserfaringa, og øvingslærarane gav både i praksissamtalar og seinare i spørjeskjema uttrykk for at ikkje alle studentane hadde arbeidd like godt med nynorsken. Likevel gir studentsvara grunnlag for å hevde at praksiserfaringane har stimulert mange av studentane til å betre nynorskkompetansen.

Vi må også kunne stille oss noko tvilande til om dei som tidlegare har hatt nynorsk i opplæringa utan vidare meistrar å skrive nynorsk i like stor grad som dei sjølve meiner dei gjer. Vi kan heller ikkje rekne med at dei studentane som no bruker nynorsk til dagleg, er heilt støe i skriftspråket sitt. Eit studentsvar frå spørjeundersøking I, uttrykkjer det slik: "Eg er glad i nynorsk, men det er vanskeleg til og med for oss som har det som hovudmål". Denne erfaringa er ikkje studenten aleine om. Sidan nynorsk er eit mindre brukt språk enn bokmål i

det norske samfunnet, får ikkje nynorskbrukarar nok allsidig nynorskeksponering og mange er derfor for lite støe i sitt eige skriftspråk. Kanskje kan vi seie at dei blir retorisk sveltefora på sitt eige språk. Ottar Grepstad (2004) omtaler situasjonen slik:

Mange av elevane med nynorsk som hovudmål slit med dårleg språkleg sjølvtilitt. Mange av dei er for lite støe i sitt eige skriftspråk, truleg fordi bokmålet er så mykje meir brukt at dei får for lite av det nynorske i dagleglivet. Mange av dei møter også tydeleg negative haldningar til sitt eige språk særleg når dei tek til i vidaregåande skole (Grepstad 2004:15).

Denne situasjonen er ei utfordring for undervisning i nynorsk som hovudmål. Mykje tyder på at nynorsk hovumålsdidaktikk burde ha vore eit meir prioritert område innan nynorskdidaktikken.

## 6.2 Målbyte før og etter lærarutdanning

Det er, som også tidlegare nemnt, ikkje overraskande at 7 av 14 i prosjektgruppa vår var gått over til bokmål som hovudmål i ungdomsskolen og vidaregåande skole. Vi veit at målbyte frå nynorsk til bokmål er vanleg for mange i denne aldersgruppa. Ottar Grepstad skriv om 'den nynorske lekkasjen' i *Nynorsk faktabok 2005* der han viser til årstale nr. 4 frå Nynorsk kultursentrum: "Etter studiar i tilgjengeleg materiale var konklusjonen at om lag ein tredel av nynorskbrukarane skiftar målform truleg før dei har fylt 20 år, og at dei fleste gjer dette etter avslutta ungdomsskule" (Grepstad 2005:kap. 3).

Studentsvara frå dei sju i prosjektgruppa som har valt målskifte frå nynorsk til bokmål, viser at dei vurderer nynorskkompetansen sin som ganske god. Men vi må likevel rekne med at dei kan ha blitt mindre støe i nynorsk etter målskiftet.

Vi vurderer det som interessant at materialet vårt også viser eksempel på målskifte *andre vegen*, frå bokmål til nynorsk, etter start på lærarutdanning. At éin av dei seks som skifta frå nynorsk til bokmål i vidaregåande skole, har vendt tilbake til nynorsk som bruksspråk, og ein annan no reknar bokmål og nynorsk som likestilte språk i eigen skrivepraksis, må vi kunne tolke som ei positiv holdningsendring til nynorskbruk. Ei årsak kan kanskje vere at nynorsken er blitt meir "nærverande" for desse studentane etter at dei har tatt til på lærarutdanninga. Særleg kan nynorsken ha blitt meir konkret til stades når dei har hatt praksis i nynorskklassar. Vi registrerer dessutan at alle dei åtte som hadde nynorsk som hovudmål i vidaregåande skole, gir opp at dei også har nynorsk som hovudmål i dag.

Talgrunnet vårt er lite og kan ikkje reknast som representativt. Men det ville vere interessant om vidare forskning kunne fortelje meir om i kva grad lærarstudentar med tidlegare nynorskbakgrunn vel å halde på og også ta tilbake nynorsk som bruksspråk. I ei masteroppgåve om nynorsk i bruk i utdanning og akademisk skrivning konkluderer Marit Wadsten (2008) med at det kritiske punktet for nynorsk brukt som hovudmål, er på høgskole- og universitetsnivå og ikkje på vidaregåande nivå. Wadsten finn altså at 'den nynorske lekkasjen' aukar sterkt i høgare utdanning. Men kanskje er det slik at lærarutdanning i større grad enn anna høgare utdanning stimulerer til aktiv nynorskbruk?

Vi vil i alle fall hevde at lærarutdanninga – særleg gjennom norskundervisninga og lærarpraksis ved nynorskskolar – har eit potensial for å skape 'språkvennlege miljø'<sup>2</sup> som oppmuntrar til aktiv nynorskbruk blant studentane. Dette vil i neste omgang kunne komme nynorskelevar i grunnskolen til gode. Elevar med nynorsk som hovudmål treng gode modellar i lærarar som sjølve er aktive og flinke nynorskbrukarar.

---

<sup>2</sup> Uttrykket 'språkvennlege miljø' er henta frå boka *Nynorsk på nytt* (2009) av Norunn Askeland og Cecilie Falck-Ytter. Vi omtaler dette uttrykket nærmare i kap. 9.2 i rapporten.

## **7 Spørjeundersøking III: Respons frå øvingslærarane**

Som del av prosjektet ville vi kartlegge erfaringar og synspunkt frå dei involverte øvingslærarane gjennom eit eige spørjeskjema. Av åtte lærarar svarte tre på skjemaet, som tematiserer fire område knytt til studentpraksisen: skriveomfang, språkkompetanse, rettleiing og bruk av nynorsktekstar (spørjeskjema i vedlegg 3). Dei tre øvingslærarane som svarte, hadde ansvar for til saman 12 studentar.

Øvingslærarane rapporterer at studentane har brukt nynorsk i mange ulike situasjonar og nytta nynorsk i ulike tekstformer. Dei tre lærarane er også samde om at det er viktigast at nynorsk er korrekt på tavla og i det materialet elevane får delt ut eller får sjå. Éin nemner at 'planleggingsskjema' var vanskelegast for studentane å skrive korrekt.

Øvingslærarane skriv i vurderinga av nynorskkompetansen til studentane at kunnskapar og dugleik har vore noko skiftande. Fleire av studentane har nynorsk som målform og greier seg godt, men dei som har bokmål strevar noko. På spørsmålet om studentane prioriterte arbeidet med nynorsken i praksisperioden svarer ein øvingslærer 'nei', dei to andre seier at studentane 'til ein viss grad' gjorde det.

To av lærarane svarer 'ja', den siste 'tja' på spørsmålet om studentane blei betre i nynorsk i løpet av praksisperioden.. Den siste svarer også at nynorskkompetansen var god, og då er det kanskje ikkje så mykje å lære, eller ein merkar ikkje så lett at språket blir betre.

Med omsyn til kvalitetssikringa av nynorsken verkar det som om både øvingslærarane og studentane har vore opptatt av å få nynorsken god. Alle meiner at rettleiing har vore nytta. Nokre studentar trong meir rettleiing på dette området, og det kan sjå ut til at dei har fått det. På spørsmålet om undervisningsspråket førte til ekstraarbeid for øvingslærarane, svarer ein 'nei', men det var også den øvingslæraren som vurderte nynorskkompetansen til studentane som god. Den andre svarer 'ja, litt' og den siste svarer 'ja, litt, men eg likte den biten'.

Av svara på spørsmålet om studentane har lagt ned arbeid i å finne gode nynorsktekstar, får ein inntrykk av det har skjedd i nokon grad.

Vi spurde også øvingslærarane kva høgskolen kunne gjere for å motivere studentane for god nynorskbruk i praksisperioden. Dei svarer at studentane må få oppgåver der dei må lese og skrive nynorsk. Ein lærar nemner at vi må 'understreka at dei [studentane] må øva på høgtlesing på førehand'. Ein annan skriv at vi må 'la studentane bada i nynorsk litteratur'. Svara har god samklang med forskning som viser at lesing stimulerer skriftleg kompetanse.

## **8 Språkholdningar og lærarrolle**

### **8.1 Er svara pålitelege?**

Lærarstudentar kjenner sjølvstilt til tospråkssituasjonen i Noreg og kjenner nokolunde til kva som krevst av dei når dei kjem ut som lærarar. Vi kan derfor spørje om dei står fram med dei reelle holdningane sine på ei spørjeundersøking som vår, eller om dei svarer slik dei trur det er forventa at dei svarer?

I mange miljø er det legitimt å vere kritisk til den plassen nynorsken har i samfunnet eller beint fram vere motstandar av nynorsk, men dei "korrekte" forventningane frå høgskolen og frå dei to prosjektansvarlege (som begge er norsklærarane for ein del av studentane) er å vere *for* nynorsk. Eit av spørsmåla på spørjeskjemaet gjaldt dessutan eventuell endring i eiga holdning til nynorsk. Implisitt kan studentane oppfatte det som eit krav om endring i meir positiv retning.

Men sidan undersøkinga er anonym, kan det vere rimeleg å tru at studentane har hatt som intensjon å gi uttrykk for sine ærlege holdningar. Svara gir ikkje inntrykk av at studentane vegrar seg for å vere kritisk til nynorskbruk på ulike område. Særleg i den første spørjeundersøkinga gir fleire studentar uttrykk for klart negative holdningar til nynorsk, både gjennom avkryssing for svaralternativ og i dei frie kommentarane.

Svara studentane gir, kan likevel ikkje tolkast som reint subjektive og personlege utsegner. Dei kan vere farga av den generelle språkpolitiske situasjonen i landet som genererer stereotype meininger og oppfatningar om dei to norske målformene. Dessutan tyder svara på at normer knytte til lærarrolla kan bli styrande for holdningar lærarstudentane har til nynorskundervisning. Dei fleste finn det nemleg rimeleg å stille kvalitetskrav til eigen og andre lærarars nynorskkompetanse.

Lærarutdannings situasjonen fungerer altså som ei normerande ramme for holdingsstudien vår. Men vi treng ikkje å forstå dette som ei svekking av reliabiliteten ved svara. Frå eit lærarutdanningsperspektiv er det interessant når resultatane indikerer at sjølve lærarrolla skaper eit potensial for holdningsendring til nynorskbruk. Saman med andre relevante språkholdningsundersøkingar kan kanskje funna stimulere til ei viss nytenking omkring nynorskundervisning i lærarutdanninga, der undervisninga gjerne kan legitimerast tydelegare i og knytast tettare saman med ei yrkesprofesjonell rolle.

## 8.2 Holdning og handling i eit yrkesprofesjonelt perspektiv

I artikkelen "Språkholdningsundersøkingar" i *Norskraft* nr. 106 frå 2003 konstaterer Marianne Dahl "at disse [d.e. språkholdningane] er en viktig faktor å regne med når en skal studere den enkeltes språkbruk" (2003:59). I artikkelen gjer ho mellom anna greie for ulike sider ved omgrepet språkholdning og hevdar at språkholdningane våre er nær knytte til "den status eller solidaritet vi tilkjenner de ulike varietetene" (2003:76). Det er altså slik at dersom vi oppfattar at ei språkform har høg status, eller vi kjenner større solidaritet eller kanskje lojalitet med forma, vil vi sannsynlegvis i større grad bruke henne.

Det går fram av spørjeskjema II at dei studentane som har hatt nynorsk som opplæringsmål i delar av eller heile skolegangen, er positive til å skulle undervise på ein nynorsk skule i framtida. Dei fleste av desse svarer også at dei ikkje finn det vanskeleg å undervise på nynorsk. Vi må vel kunne seie at nynorsk som allment bruksspråk generelt har lågare status i samfunnet enn bokmål. Dei positive holdningane til nynorsk i denne gruppa, kan vi derfor tolke som ei samkjensle med nynorsk språkbruk som botnar i nynorsk praksis frå eigen skolegang. Studentgruppa som har hatt nynorsk som sidemål i opplæringa, har ikkje ei tilsvarende solidaritetskjenning med nynorsken, og ikkje overraskande er desse heller ikkje så positivt innstilte til å undervise nynorskelevar i seinare lærargjering. Dessutan gav alle i denne gruppa opp at lærarpraksis i nynorskgruppe medførte ekstraarbeid.

Likevel svarer i spørjeskjema I heile 22 av 26 av studentane at dei meiner det er rimeleg at allmennlærarar skal meistre både bokmål og nynorsk. Men når studentane blir spurde om nynorsk er eit bruksspråk som passar i alle samanhengar, er berre 13 av studentane einige. Dette kan tyde på at når spørsmål om nynorskbruk blir knytt til lærarrolla, er det ei yrkesprofesjonell holdning som blir styrande for svara, men når spørsmåla blir allmenne og meir lausrivne frå yrkesrolla, viser lærarstudentar som har hatt nynorsk som sidemål, ei mindre tolerant holdning til nynorsk som bruksspråk.

Om nokre studentar er negative til nynorsk, er det ikkje dermed sjølvsagt at dei meiner det er greitt for ein lærar å gi uttrykk for ei negativ innstilling overfor elevane i undervisninga. Johanne Nordhagen (2006) har i hovudfagsavhandlinga si stilt allmennlærarstudentar ved Høgskolen i Oslo spørsmål om dette. Spørsmåla er knytte til undervisning i nynorsk som

sidemål. 76% er heilt einige i at ein lærar må skjule ein eventuell motstand mot nynorsk som sidemål i norsktimane. Tilsvarande er 78% heilt ueinige i å ”beklage overfor elevane at de må lære å skrive sidemål” (Nordhagen 2006:kap. 8.7.1).

Vi har ikkje stilt studentane dei same spørsmåla. Men når 85% i prosjektgruppa vår svarer at dei meiner det er rimeleg at allmennlærarane skal meistre både bokmål og nynorsk, viser dette kanskje same tendensen som dei svara Nordhagen fekk. Studentane ser ut til å akseptere ei yrkesprofesjonell holdning til nynorsken, der det er naturleg å krevje at lærarar har gode nynorskkunnskapar, og at dei overfor elevane skjuler – eller ønskjer å skjule – eventuelle negative holdningar.

Dahl (2003) refererer til forskning om samanhengen mellom holdning og handling i språkholdningsundersøkingar. Ho peikar på at sjølv om dei fleste finn eit visst positivt samsvar mellom holdning og handling, er det fleire undersøkingar som viser at det ikkje alltid er slik. I norske sosiolingvistiske undersøkingar er det f.eks. eit vanleg resultat at folk er positive til sin eigen dialekt, men likevel ikkje bruker han. Holdningar er berre ein del av bakgrunnen for handlingane våre, andre mellomliggjande variablar kan påverke dei.

I vår studie er det kanskje ikkje vegen frå holdning til handling som er mest interessant å analysere, men korleis handlingar kan føre til visse endringar i holdningar. I materialet vårt kan det sjå ut til at nynorsk praksis (altså handlingar) i lærarrolla kan medverke til betre kompetanse i nynorsk og vidare til meir positive holdningar til nynorsk.

## **9 Didaktiske perspektiv**

### **9.1 Nynorskkompetanse – ein dannande praksis**

I arbeidet vårt ser vi omgrepet nynorskkompetanse i både eit *språkleg, kulturelt og didaktisk* perspektiv. Det språklege perspektivet kjem til uttrykk gjennom fokus på studentane sin kompetanse i skriftleg nynorsk, der det å kunne skrive korrekt og godt blir viktig. Gjennom å framheve verdien av kunnskapar om ein brei nynorsk tekstbase for undervisningsbruk, gir vi også det kulturelle perspektivet ein sentral plass. Ein slik tekstbase må kunne vise nynorsk som eit allsidig bruksspråk, der mange sjangrar og teksttypar både innanfor kvardagspråk, fagtekstar, sakprosa, multimodale og litterære tekstar bør få rom. Og fordi studentane skal praktisere og formidle nynorskkompetanse i ein undervisningssituasjon, må dei også utvikle didaktisk kompetanse.

Etter vårt syn vil altså språk- og tekstformidling i ’det nynorske klasserommet’ implisere ein *dannande praksis* der både lesing, skriving og munnlege aktivitetar blir viktige komponentar. Norskplanen i *LK06* presiserer at elevane skal utvikle ein allsidig språk- og tekstkompetanse på begge målformer: ”[D]et skal legges til rette for at barn og unge får et bevisst forhold til språklig mangfold og lærer å lese og skrive både bokmål og nynorsk” (*LK06*:1). Og sidan nynorsk er eit mindre brukt språk enn bokmål, blir det særleg viktig at nettopp skolen blir ein dannelsesarena for mangfaldet i den nynorske tekstkulturen.



I prosjektet *Nynorsk i praksis* plasserer vi altså omgrepet nynorskkompetanse i eit danningperspektiv der både *språkkunnskap*, *tekstkunnskap* og *didaktisk kunnskap* dannar denne kompetansen. Å utvikle nynorskkompetanse er ein veg til danning.<sup>3</sup>

## 9.2 Er nynorskdidaktikk eit tenleg omgrep?

Omgrepet nynorskdidaktikk er ikkje uproblematisk. Ingen snakkar om bokmålsdidaktikk. Er vi ikkje betre tente med å bruke dei meir språknøytrale omgrepa norskdidaktikk eller språkdidaktikk som kan inkludere begge målformene?

Svaret kan ikkje bli eintydig. På den eine sida er det viktig å sjå nynorskdidaktikk og nynorskundervisning som ein *integrert* del av både norskfagleg, tverrfagleg og fleirfagleg praksis. Nynorsk skal ikkje vere eit isolert kunnskapsfelt i didaktisk og fagleg tenking. På den andre sida meiner vi det likevel finst gode grunnar for å utvikle ein særskilt læringsrefleksjon omkring nynorskundervisning og nynorskpraksis. Omgrepet nynorskdidaktikk har ei pragmatisk forankring i at nynorsk som bruksspråk har ei svakare stilling i samfunnet enn bokmål. Det blir derfor eit særleg ansvar for skolen å leggje til rette for ein allsidig nynorskpraksis i undervisninga. Men nyare språkdidaktisk refleksjon flyttar fokus frå nynorskundervisning som problemområde til nynorskundervisning som ein ressurs for fleirspråkleg og fleirkulturell kompetanse.<sup>4</sup>

Frå ein didaktisk ståstad er det verdt å merke seg at norskfagplanen i *LK06* nedtonar bruken av termane hovudmål og sidemål. Desse omgrepa blir no berre nemnde i samband med vurdering. I kapitla om formål og kompetansemål er det termane bokmål og nynorsk som blir brukte. Jamført med tidlegare fagplanar gir den nye termbruken føringar for ei sterkare jamstilling av målformene i norskundervisninga. Bokmål og nynorsk skal – uavhengig av kva språk som er opplæringsmål – integrerast i alle dei fire hovudområda i norskfaget, både i munnlege, skriftlege og samansette tekstar og dessutan i emnet språk og kultur.

I ein norskdidaktisk refleksjon meiner vi det likevel kan vere formålstenleg å bruke termane sidemål og hovudmål sidan desse framleis er styrande for både vurderingsordningane og val av opplæringsmål og dessutan elles er innarbeidde termar både i norskfagleg praksis og tenking.

Didaktiske refleksjonar om nynorskundervisning er viktig, men utfordrande. Omgrepet nynorskdidaktikk er komplekst, og innhaldet må derfor differensierast og vurderast i forhold til kva læringssituasjon og fagfelt omgrepet blir knytt til. Vi finn det nyttig å dele nynorskdidaktikk inn i tre hovudfelt: *norskfagleg* didaktikk med sidemålsdidaktikk og hovudmålsdidaktikk som undergrupper, *tverr-* og *fleirfagleg* didaktikk og til sist didaktikk som impliserer *fleirspråklege* og *multikulturelle* perspektiv. Kvar av desse tre didaktiske felta

---

<sup>3</sup> Synnøve Skjong og Inger Vederhus (2008a) er blant dei som ser nynorskkompetanse i eit danningperspektiv. Dei viser til at Kunnskapsløftet (*LK 06*) er karakterisert som ein literacy- og retorikkreform, der literacy og retorikk blir sett i samanheng med kulturell kompetanse. Kjell Lars Berge (2005) presenterer i artikkelen "Fagleg og tverrfagleg skriveopplæring" ei nærare drøfting av Kunnskapsløftet som ei *literacy*-reform. Berge viser til at omgrepet "literacy" i internasjonal samanheng blir brukt om kompetanse i lesing og skiving. Vidare meiner han "at uttrykket kan dekkje noko av det same meiningsfeltet som i det tyske "Bildung" og det dansk-norske "danning" (2005:69). Men han utvidar også innhaldet i omgrepet: "Med literacy meiner vi òg utviklings- og læringsprosessar som føreset og tek i bruk alle moglege meiningsskapande ressursar, altså ikkje berre den skriftlege delen at kvardagsspråket med sine register, men også matematiske formlar og visuelle framstillingar" (2005:70). Berge trekkjer dei fem grunnleggjande dugleikane i Kunnskapsløftet inn i denne forma for literacy-tenking.

<sup>4</sup> I boka *Nynorsk på nytt* (2009) presenterer Norunn Askeland og Cecilie Falck-Ytter ein didaktisk refleksjon med utgangspunkt i nyare forskning, forsøk og tiltak knytte til nynorsk som sidemål. Dei viser her blant anna til nyare EU-rapportar der samfunn som praktiserer fleirspråklegheit blir karakterisert som 'språkvennlege miljø'. Desse EU-rapportane framhevar tospråklege samfunn som særleg gode laboratorium for språklæring.

kan inngå i mange interessante refleksjonar og vurderingar om læringsrelatert nynorskpraksis. Her skisserer vi berre ei kort grunngjeving for differensieringa. Det er likevel viktig å presisere at det vil vere mykje fellesgods for desse del-didaktikkane. Men dei ulike inngangane til omgrepet nynorskdidaktikk kan klargjere ulike forankringspunkt og viktige særtrekk.

Nynorskdidaktikk er ein integrert del av norskdidaktikken, men ulike rammevilkår for dei to målformene i faget gjer det naturleg til ein viss grad å skilje mellom sidemålsdidaktikk og hovudmålsdidaktikk. Gjennom Kunnskapsløftets literacy-profil har i tillegg den tverrfaglege og fleirfaglege nynorskdidaktikken fått auka legitimitet. *LK06* har integrert dei fem grunnleggjande ferdigheitene skrivning, munnleg, lesing, rekning og digitale dugleikar i kompetansemåla for alle undervisningsfag, noko som impliserer at alle faglærarar skal kunne vere skrive- og leselærarar både på bokmål og nynorsk.

Med støtte i internasjonal forskning og tenking om språklæring og språkmangfald, er det fruktbart å sjå nynorskdidaktikken ikkje berre i eit norskspråkleg, men også i *eit fleirspråkleg og multikulturelt perspektiv*. Dette fleirspråklege og fleirkulturelle perspektivet er også nedfelt i norskplanen i Kunnskapsløftet:

Norsk språk og kultur utvikles i en situasjon preget av kulturelt mangfold og internasjonalisering, i samspill med nordiske nabospråk og minoritetsspråk i Norge og med impulser fra engelsk. I dette språklige og kulturelle mangfoldet utvikler barn og unge sin språkkompetanse. Med utgangspunkt i denne språksituasjonen skal det legges til rette for at barn og unge får et bevisst forhold til språklig mangfold og lærer å lese og skrive både bokmål og nynorsk. (*LK06:1*)

Vårt prosjekt *Nynorsk i praksis* inkluderte ein fleirstemt nynorskdidaktisk praksis. Rettleiinga av studentane måtte differensierast alt etter om dei hadde hatt nynorsk som hovudmål eller sidemål i eigen skolegang. I praksissituasjonen var nynorskundervisninga forankra i både hovudmålsdidaktikk og fleirfagleg nynorskdidaktikk. Dessutan var det eit viktig implisitt mål å motivere studentane til å sjå og erfare sin eigen nynorskkompetanse i eit fleirspråkleg perspektiv, for på lengre sikt å kunne utvikle ein trygg tospråkleg norskkompetanse.

## **10 Konklusjonar**

Sjølv om Høgskolen i Bergen har ein del studentar med nynorskbakgrunn, er det grunn til å tru at fleirtalet av lærarstudentar som søker skoleplass i ein storby, ikkje er budde på og heller ikkje ønskjer å ha praksisopplæring på ein nynorskskole. Materialet vårt peikar også i den retninga. Heile 73 % svarer at dei ikkje ville valt å ha lærarpraksis i ei nynorskgruppe dersom dei sjølve kunne bestemme dette. Berre dei sju studentane som hadde nynorsk som hovudmål på vidaregåande skole, gir opp at dei ville ha valt å praktisere på ein nynorskskole.

Men vi har hatt som hypotese at møtet med 'det nynorske klasserommet' likevel kunne føre til holdningsskifte for mange. Svar frå studentane etter at praksisperiodane på nynorskskolar var avslutta, kan tyde på at ei slik positiv holdningsendring har funne stad. No svarer 81 % ja på at dei i stor eller nokon grad kan tenkje seg å arbeide på ein nynorskskole i framtida. Om lag halvparten av studentane er altså blitt meir positive til å undervise i og på nynorsk etter at dei sjølve har erfart å vere nynorsklærarar.

Alle studentane seier at dei har fått meir trening i å skrive nynorsk gjennom praksiserfaringa, og 70 % meiner dei er blitt betre og tryggare nynorskbrukarar. Aktiv nynorskbruk i lærarrolla ser altså ut til å ha ein dannande funksjon.

Også andre undersøkingar viser at rom for mykje skrivning på nynorsk er eit viktig vilkår for å meistre skriftleg nynorsk. Eit relevant eksempel frå lærarutdanningssektoren er prosjektet

”Nynorsk i lærarutdanninga” ved Høgskolen i Oslo (Skjong og Vederhus 2005/2007 og 2008b). Prosjektrapportane evaluerer læringseffekten av norskfagleg mappeskriving på nynorsk. Heile det første studieåret skriv studentane ved HiO berre nynorsk i norskfaget. Studentane skriv fem tekstar til den digitale arbeidsmappa, og dei får lærarrespons på tre av dei. Prosjektet kartlegg og evaluerer både skriftleg eigenkompetanse og holdningsendringar. Tolking av resultatane viser at mens rundt 80 % av studentane hadde negative holdningar til nynorsk ved studiestart hausten 2006, var 72 % blitt positive etter eit år med skrivemapper på nynorsk. I dei tre klassane som blei granska, meinte dessutan 73 % at prosessen med mappeskriving hadde gjort dei betre til å skrive nynorsk (Skjong og Vederhus 2008b).

Desse tala fell godt saman med resultatane frå granskingane våre. Nynorskprosjekta både ved HiB og HiO viser at ca. halvparten av studentane blei meir positive til nynorsk etter eit år med intensivt skrivetrening. Og i begge tilfelle meiner om lag totredelar av studentane at auka nynorskeksponering har gjort dei til flinkare nynorskskribentar. Rett nok kan ikkje prosjekta samanliknast direkte. Til det er der for mange forskjellar i innhald og metode. Dessutan baserer HiO-prosjektet seg på utsegner og svar frå om lag 90 studentar og har derfor høgare representativitet enn vårt som har mellom 20 og 30 respondentar. Men det er likevel interessant at ulike forsøk som evaluerer ein intensivt nynorskbruk i lærarutdanninga, viser same tendens. Lærarstudentar blir både flinkare og meir positive nynorskbrukarar når dei får bruke språket aktivt i ein yrkesprofesjonell eller fagleg samanheng over tid.

## **11 Vidareføring av prosjektet**

Prosjektet *Nynorsk i praksis: Lærarstudentar møter nynorskelevar* vil bli ført vidare skoleåret 2009/2010. I vidareføringa vil vi i hovudsak arbeide innanfor dei same prosjektrammene som i fase I. Men fase II av prosjektet vil i tillegg ha desse delmåla:

- arbeide for eit tettare samband mellom praksisfeltet og høgskolen i nynorskopplæringa
- identifisere ulike typar nynorskpraksisar som vi kan forvente at lærarstudentar skal øve seg på i praksistida
- definere kompetansemål for nynorskbruk i praksisopplæringa
- i samarbeid med øvingslærarar utprøve metodar for å rettleie studentane i å utvikle både praktisk og undervisningsrelatert nynorskkompetanse

To øvingslærarar med lang erfaring i å undervise nynorskelevar har sagt seg villige til å vere med i ei nettverksgruppe som vil arbeide ut frå delmåla som er skisserte ovanfor. Ei slik nettverksgruppe vil kunne styrkje samarbeidet mellom høgskolen og praksisfeltet om korleis lærarstudentane best kan møte nynorskelevar.

Erfaring frå prosjektet i år viser at det er krevjande å motivere studentar til å delta i aktivitetar som fell utanfor ramma av obligatoriske undervisningstimar og oppgåver. Som eit motiverande tiltak vil vi derfor neste år gi studentane høve til å oppnå eit ’kompetansebevis’ for å delta på samlingar, kurs, rettleiing, evalueringar og liknande som blir relaterte til FoU-prosjektet.

Sjølv om granskingane vi gjorde skoleåret 2008/2009 viser at to tredelar av studentgruppa meiner dei er blitt flinkare til å skrive nynorsk i løpet av praksistida, viser svara også at mange synest arbeidet med nynorsken er vanskeleg og utfordrande. Heller ikkje alle hadde brukt ordbøker og nettressursar som hjelpemiddel. Vi ønskjer derfor å arbeide vidare med å finne metodar som kan hjelpe studentane til å utvikle både eigenkompetansen i skriftleg nynorsk og den didaktiske nynorskkompetansen.

Den kommande lærarutdanningsreforma aktualiserer behovet for å tydeleggjere krava til nynorskkompetanse i lærarrolla. Frå hausten 2010 får vi ei ny og meir spesialisert grunnskolelærarutdanning, der norskfaget ikkje lenger vil vere obligatorisk for studentar som vil spesialisere seg for trinn 5 – 10. Dette reiser spørsmål om korleis myndigheitene vil sikre at også faglærarar utan norsk i fagkretsen får kompetanse til å vere skrive- og leselærarar i alle fag, både på nynorsk og bokmål. Når vi i fase II av prosjektet vil prioritere å utvikle kompetansemål for nynorskbruk i undervisningspraksis, ser vi dette også i lys av å synleggjere behovet for tospråkleg norskkompetanse for alle grunnskolelærarar – også for faglærarar som blir utdanna etter den nye lærarutdanningsmodellen.

*Høgskolen i Bergen, 3. august 2009*

*Berit Westergaard Bjørlo og Morten Rønning*

## Litteraturliste

- Askeland, Norunn og Cecilie Falck-Ytter. 2009. *Nynorsk på nytt*. Oslo: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS
- Berge, Kjell Lars. 2005. "Fagleg og tverrfagleg skriveopplæring". I: Nordal, Anne Steinsvik (red.): *Didaktiske perspektiv på nynorskopplæring*. Skrifter frå Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa nr 1. Høgskolen i Volda
- Dahl, Marianne. 2003. "Språkholdningsundersøkelser". I: *Norskraft* nr. 106
- Grepstad, Ottar. 2005. *Nynorsk faktabok*: <http://www.aasentunet.no/default.asp?menu=438> [Henta 14.07.09]
- Grepstad, Ottar. 2004. "Nynorsk i opplæringa: kunnskap, kultur og kvalitet. Synspunkt til politisk leing i Utdannings- og forskingsdepartementet." I: *Småskrifter frå Ivar Aasentunet*. Nynorsk kultursentrum. [http://www.aasentunet.no/download.asp?object\\_id=DBBA926E13FE4898B9779475A27CFAA2.pdf](http://www.aasentunet.no/download.asp?object_id=DBBA926E13FE4898B9779475A27CFAA2.pdf). [Henta 14.07.09]
- "Læreplan for norsk" I: *Læreplan for Kunnskapsløftet (LK06)*. Kunnskapsdepartementet. <http://www.udir.no/grep/Lareplan/?laereplanid=710976>. [Henta 09.07.09]
- Nordhagen, Johanne. 2006. Nynorsk som sidemål – en undersøkelse av allmennlærerstudenters personlige og yrkesprofesjonelle holdninger. Hovudfagsavhandling i norskdidaktikk. Universitetet i Oslo
- Skjong, Synnøve og Inger Vederhus. (2005/2007). "Nynorsk i lærarutdanninga. 3 rapportar frå Høgskolen i Oslo". <http://www.nynorsksenteret.no/index.php?ID=13298> [Henta 30.07.09]
- Skjong, Synnøve og Inger Vederhus. 2008a. "Synleg og meir nynorsk = betre nynorsk. Uvikling av literacy på norsk, bokmål og nynorsk, for alle elevar på barne- og ungdomstrinnet". I: Nergård, Mette Elisabeth og Tonne, Ingebjørg (red.): *Språkdidaktikk for norsklærere*. Oslo: Universitetsforlaget
- Skjong, Synnøve og Inger Vederhus. 2008b. "Gira på å skrive nynorsk i år. Mappeskriving og nynorsklæring". Kronikk på <http://www.nynorsksenteret.no/img/nsfno/KronikkSkjongVederhus.pdf>. [Henta 30.07.09]
- Wadsten, Marit. 2008. *Nynorsk i bruk i utdanning og akademisk skriving. Viljen til språk – viljen til forskning*. Masteroppgåve i Nynorsk skriftkultur. Ivar Aasentunet. Høgskolen i Volda

## Vedlegg 1: Spørjeskjema I

Svar frå 26 av 29 deltakande studentar

### *Del A*

#### *Vi ber deg svare på nokre spørsmål.*

- 1) Ville du valt å ha praksis i bokmålsklasse dersom du sjølv kunne bestemme?  
Ja 19      Nei 7
- 2) Ser du det som positivt at du får praksis i ein nynorskklasse?  
Ja, i stor grad      8      Ja, i nokon grad 17      Nei 3
- 3) Trur du det vil by på problem for deg å bruke nynorsk i undervisninga?  
Ja, i stor grad      5      Ja, i nokon grad 10      Nei, det vil ikkje by på problem 11
- 4) Trur du det vil bli ekstra arbeidskrevjande for deg å ha praksis i nynorskklasse?  
Ja, i stor grad      6      Ja, i nokon grad 11      Nei, det blir ikkje meirarbeid 9
- 5) Trur du det vil vere vanskeleg for deg å skrive nynorsk spontant på tavla?  
Ja, i stor grad      7      Ja, i nokon grad 10      Nei 8
- 6) Hadde du bokmål eller nynorsk som hovudmål på vidaregåande skole?  
Bokmål 19      Nynorsk 7

### *Del B*

#### *Her skal du ta standpunkt til nokre påstandar:*

- 7) Nynorsken er ein viktig del av norsk kulturarv      einig 18 / ueinig 8
- 8) Det er positivt at nynorsk skriftspråk byggjer på dialektane      einig 21 / ueinig 5
- 9) Å meistre to norske skriftspråk kan vere utviklande for språkkompetansen  
einig 19 / ueinig 6
- 10) Alle forstår bokmål, det er heilt unødvendig med nynorsk      einig 11 / ueinig 16
- 11) Nynorsk er både arbeidskrevjande for den einskilde og dyrt for samfunnet  
einig 11 / ueinig 14
- 12) Dei fleste bruker bokmål, fleirtalet må bestemme      einig 10 / ueinig 16
- 13) Nynorsk er vanskeleg å lære      einig 13 / ueinig 14
- 14) Nynorsk er eit brukspråk som passar i alle samanhengar      einig 12 / ueinig
- 15) Det er rimeleg at allmennlærarar skal meistre både bokmål og nynorsk  
einig 22 / ueinig 4

## *Del C*

### *Frie svar:*

#### **16) Korleis ser du på den stillinga nynorsken har i det norske samfunnet i dag?**

Døme på svar.

”Jeg synes det er helt unødvendig å ha to skriftspråk i Norge. Det at det er pålagt at elevene skal ha sidemål er eg helt imot.”

”Eg synes folk burde fått velje eg. Eg synes nynorsk er unødvendig.”

”Det er altfor lite nynorsk i media.”

”Nynorsk er underprioritert og møter mye motstand. Diskusjonen om meir nynorsk får mange usaklige påstander.”

”Det er trist at nynorsken forsvinn meir og meir. Nynorsk er like viktig som bokmål, og dei holdningane folk har til nynorsk provoserer meg.”

#### **17) Kva haldningar vil du seie at du har til nynorsk?**

10 av dei frie svara går i positiv lei, 7 oppfattar vi som negative og 9 framstår som ”nøytrale”.

Eksempel på positive formuleringar:

”I love new Norwegian!!”

”Positive holdningar! Eg likar nynorsk og har alltid brukt det.”

”Eg er glad i nynorsk, men det er vanskeleg til og med for oss som har det som hovudmål.” ”Eg meiner nynorsk bør vera det einaste skriftspråket i Noreg.”

Eksempel på negative kommentarar:

”Jeg har svært negative holdninger til nynorsk”

”Jeg synes nynorsk er gammeldags og på en måte skremmende for de som ikke mestrer det.”

”Litt negativ, da jeg mener at dette burde være valgfritt.”

”Synest det er helt unødvendig. Stort tull at vi skal bli tvungt til å ha nynorsk.”

”Nøytrale” utsegner:

”Usikker på om det skal være obligatorisk i skolen.”

”Jeg hadde nynorsk på barneskolen. Nynorsk er et fint språk, men det bør ikke være tvang for å lære det.”

#### **18) Korleis vurderer du dine egne nynorsk-kunnskapar?**

Av dei frie svara går det fram at 8 vurderer kunnskapane som gode, 12 som middels mens 6 studentar meiner dei har dårlege kunnskapar i nynorsk.

Eksempel på svar:

”Jeg kan ikke nynorsk, har aldri brukt nynorsk før, så eneste jeg kan er eg og ikkje.”

”Veldig dårlig!”

”Forholdsvis gode. F.eks. lettere å dikte på nynorsk enn bokmål.”

”Eg meiner dei er ganske gode. 9 år med nynorsk på grunnskolen la eit godt grunnlag.”

”Behersker å skrive nynorsk.”

”Middels, men jeg lærer fort.”

”Halvveis. Jeg har lært mye av å bo på vestlandet, og å ha en kjæreste fra Voss. Jeg har lært mye gjennom å lese nynorsk også.”

”Dårlig. Har ikke hatt noe nynorskundervisning på vgs, bare eksamen. Så har ikke lært det noe særlig.”

”De er ikke helt vekke, men ikke særlig gode. Snakker på en måte nynorsk, vertfall litt, men å skrive nynorsk passer ikkje for meg.”



## Vedlegg 2: Spørjeskjema II

Svar frå 21 av 26 deltakande studentar

1. Kva målform hadde du som hovudmål
  - a) i barneskolen? nynorsk: 14 bokmål: 7
  - b) i ungdomsskolen? nynorsk: 13 bokmål: 8
  - c) i den vidaregåande skolen? nynorsk: 8 bokmål: 12
2. Kva målform reknar du som hovudmålet ditt i dag?  
bokmål: 11 nynorsk: 9 + ein likestilt
3. Dette spørsmålet gjeld holdningane dine til nynorsk
  - a. Vil du seie at du har du ei anna holdning til nynorsk i dag enn då du begynte på allmennlærerutdanninga?  
ja, i stor grad: 1 ja, i nokon grad: 8 nei: 12
  - b. Kan du kort seie korleis og korfor holdninga di har endra seg eller ikkje endra seg?

Holdning til å arbeide for sjølv å bli betre i nynorsk. Eksempel på svar:

”Har lyst å bli bedre i nynorsk slik at eg kan undervise i det.”

”Eg har fått motivasjon til å plukke opp att nynorsken og jobbe med han. Eg var nøydd til å ty til hjelpemiddel undervegs og lære nye ord.”

”Eg har vald å ta opp att nynorsk som hovudmål sidan det ligg nærmare dialekta mi, og eg skriv no konsekvent nynorsk i alle medier.”

”Same haldning som alltid.”

”Har ikke endret seg fordi jeg ikke føler jeg har blitt bedre.”

Holdning til å undervise på nynorsk. Eksempel på svar:

”Ikke endret seg.”

”Å undervise på nynorsk er utfordrende, men samtidig lærerikt, du får sette deg selv på prøve om hva du mestrer.”

”Synest det tar unødvendig lang tid for meg når jeg må skrive NN.”

”Eg vil svært gjerne undervise på nynorsk, då dette er den målforma eg finn naturleg. Eg håpar eg kjem på nynorskskule etter utdanning.”

”Eg er vorten glad i nynorsk og synest det er kjekt å undervise på dette målføret.”

”Det har endret seg, eg syntes det er greit å undervise i nynorsk nå!”

Holdning til nynorsken i det norske samfunnet. Eksempel på svar:

”Samme. Alltid syns det burde være ett skriftspråk. Om det er nynorsk eller bokmål er det samme for meg.”

”Eg har ein holdning til at vi kan slutte å ha nynorsk i skulen, dei som vil ha nynorsk kan søke om å få nynorsk.”

”Uforandra”

”For det er viktig å ha. Det er faktisk ganske fint.”

”Synest at nynorsken ofte samsvarer betre til dialekt og talemåte enn bokmål. Utenom på austlandet.”

”Frustrert over holdninga til nynorsken i samf. Den er for negativ! Vanskeleg å bruke nynorsk i media oftare pga. den negative holdninga.”

”Eg meiner at nynorsken er undertrykka og burde vore den einaste norske målforma.”

”Nynorsk er viktig som aldri før. Men det er viktig at den stadig er i utvikling, det er eit dynamisk ”språk”. Har i dag for liten plass i samfunnet, mellom anna i aviser, tidsskrift etc.”

”Ikke nødvendig å ha det.”

”Nynorsk blir mer og mer utbredt i det norske samfunnet. Jeg har egentlig aldri likt det, men i det siste fått et bedre forhold til det.”

4. Vil du seie det var ei ekstra utfordring å undervise nynorskelevar i praksisperioden?  
ja, i stor grad: 2      ja, i nokon grad: 8      nei: 11
5. Har du fått trening i å skrive nynorsk i praksisperiodane dette studieåret?  
ja, i stor grad: 7      ja, i nokon grad: 14      nei: 0
6. Har du brukt hjelpemiddel for å kunne skrive best mogleg nynorsk i praksisperioden?  
ja, i stor grad: 2      ja, i nokon grad: 10      nei: 9
7. Har de i praksisgruppa samarbeidd om å skrive best mogleg nynorsk i praksisperioden?  
ja, i stor grad: 3      ja, i nokon grad: 12      nei: 6
8. Var det vanskeleg å lese høgt for elevane på nynorsk?  
ja, i stor grad: 1      ja, i nokon grad: 5      nei: 15
9. Korleis las du nynorsk høgt for elevane?  
normalisert nynorsk: 8      med innslag av eigen dialekt: 10      på eigen dialekt: 3  
på bokmål: 0
10. Var det vanskeleg å finne nynorsk skjønnlitteratur til elevane?  
ja, i stor grad: 2      ja, i nokon grad: 10      nei: 7
11. Var det vanskeleg å finne læremiddel og anna materiell til elevane på nynorsk?  
ja, i stor grad: 2      ja, i nokon grad: 10      nei: 8

12. Kjenner du deg betre og tryggare som nynorskbrukar etter praksisperioden?  
ja, i stor grad: 1      ja, i nokon grad: 14      nei: 6
13. Kan du tenkje deg å arbeide på ein nynorskskole når du blir ferdig allmennlærer?  
ja, i stor grad: 11      ja, i nokon grad: 6      nei: 4
14. Meistrar du no nynorsk godt nok til å undervise på ein nynorskskole?  
ja, i stor grad: 9      ja, i nokon grad: 8      nei: 4
15. Ein lærar som skal undervise nynorskelevar bør ha kunnskap om kvalitetstekstar på nynorsk i ulike sjangrar og medium for ulike alderstrinn? Har du tileigna deg slik kunnskap?  
ja, i stor grad: 2      ja, i nokon grad: 11      nei: 8
16. Vi har oppmoda om å bruke nettstadene nynorsksenteret.no, barnebokkritikk.no, barnebok.no og Gi rom for lesing.  
a. Har du brukt desse nettstadene?  
ja, i stor grad: 2      ja, i nokon grad: 13      nei: 6  
b. Dersom du har brukt desse nettstadene, har du hatt utbytte av dei?  
ja, i stor grad: 3      ja, i nokon grad: 12      nei: 0
17. Har du hatt utbytte av å skrive omtale av nynorske barnebøker (Bok i praksis)?  
ja, i stor grad: 0      ja, i nokon grad: 8      nei: 11
18. Dette spørsmålet gjeld kursa "Nyare norsk barnelitteratur" og "Bruk av nettkurset *På nynorsk*" som vi har invitert til?  
a. Har du vore til stades på eitt av desse kursa eller begge?  
ja, eg var med på begge: 1      eg var med på det eine: 11      nei, eg har ikkje vore med: 9  
b. Dersom du har var med på det eine eller begge, har du hatt utbytte av kursa/kurset?  
ja, i stor grad: 1      ja, i nokon grad: 8      nei: 3
19. Har prosjektet *Nynorsk i praksis – lærarstudentar møter nynorskelevar* gitt kunnskap om formidling av nynorsk barne- og ungdomslitteratur  
ja, i stor grad: 1      ja, i nokon grad: 12      nei: 8
20. Korleis har du opplevd utfordringa med å undervise nynorskelevar?

### Vedlegg 3: Spørjeskjema til øvingslærarar

(spørjeundersøking III)

<b>1. Kva skreiv studentane på nynorsk i praksisperioden?</b> Marker a-e med ja eller nei	
a. Dokument som blei lagde ut på læringsplattform (It's learning el. Class Fronter)	
i. vekeplan/arbeidsplan	
ii. orienteringsskriv til foreldre og føresette	
iii. anna	
b. planleggingsskjema	
c. tekst på tavla	
d. oppgåveark	
e. Power Point-presentasjonar/transparentar	
f. anna	
<b>2. God og korrekt språkbruk</b>	
a. På kva punkt i spørsmål 1 er det etter di meining mest viktig å ha korrekt språkbruk?	
b. Kva punkt var vanskelegast for studentane?	
c. Korleis blei kvaliteten sikra? (ordlistebruk, studentsamarbeid, rettleiing el. anna)	
<b>3. Nynorsktekstar (sakprosa og skjønnlitteratur)</b>	
I kva grad la studentane arbeid i å finne gode nynorsktekstar til undervisningsbruk?	
<b>4. Vurdering av studentane sin nynorskkompetanse</b>	
a. Korleis vurderer du studentane sin nynorskkompetanse?	
b. Prioriterte studentane arbeidet med nynorsk språkbruk i praksissituasjonen?	
c. Blei studentane sikrare nynorskbrukarar i løpet av dei to praksisperiodane?	
<b>5. Rettleiing i nynorskbruk</b>	
a. Har det vore ekstraarbeid for deg som øvingslærer å hjelpe studentane med å skrive best mogleg nynorsk?	
b. Har du tankar om korleis høgskolen kan motivere studentane for god nynorskbruk i praksisperioden ?	

## Vedlegg 4: Sjekkliste for nynorsk

Berit W. Bjørlo  
Høgskolen i Bergen

### Sjekkliste for nynorsk

Ein rask veg til betre nynorsk: Lær deg å bruke grunnreglane for desse fire hovudområda: verb, substantiv, ordval og setningsbygning. Vinning: betre nynorsk, færre feil og redusert behov for ordlistesjekk

#### 1 Verb

##### A- eller e-infinitiv?

Du kan velje å bruke anten a- eller e-infinitiv, men ver konsekvent. Det er lettast å gjennomføre e-infinitiv sidan det er den forma vi bruker på bokmål. Også dei fleste dialektane har e-infinitiv. Men dei som bruker a-infinitiv i dialekten sin, kan gjerne bruke a-infinitiv også i skriftleg nynorsk.

Korleis ser vi at eit verb står i infinitiv?

1: saman med infinitivsmærket **å**: f. eks. **å** kaste el. **å** kasta, **å** lyse el. **å** lysa

2: saman med modale hjelpeverb (bør, kan, må, vil, skal): f. eks. bør hjelpe el. bør hjelpa, kan skrive el. kan skriva.

##### Svake verb: Få a og e på rette staden

a-verb: å kaste – kastar – kasta – kasta

e-verb: å lyse – lyser – lyste – lyst

##### Hjelperegel for å skilje mellom a-verb og e-verb:

e-verb: Dersom du på bokmål ville brukt endinga *-te* i preteritum (fortid), vil verbet i dei fleste tilfella også ha endinga *-te* (eller *-de*) på nynorsk. Endinga *-te/-de* i preteritum svarer til *-er* i presens.

a-verb: Dersom du på bokmål ville brukt endinga *-a* eller *-et* i preteritum (fortid), får verbet i dei fleste tilfella fortidsendinga *-a* på nynorsk. Endinga *-a* i preteritum svarer til *-ar* i presens.

Men merk at desse verba er e-verb i nynorsk:

arbeider – arbeidde, byter – bytte, dekkjer – dekte, knyter – knytte, krenkjer – krenkte, leier – leidde, rykkjer – rykte, røykje – røykte, styrkje – styrkte, svekkje – svekte, ønskjer – ønskte

Merk også: Alle verb på *-ere* er e-verb. Eks: studerer – studerte, prestere – presterte

Ein del verb kan bøyast både som a-verb og e-verb.

Eks: å bruke – bruker – brukte – brukt eller å bruke – brukar – bruka – bruka

##### Kva er skilnaden på svake og sterke verb?

Sterke verb: inga ending i fortid; har omlyd.

Eks: bryte – bryt – braut – brote, finne – finn – fann – funne, bite – bit – beit – bite

Merk: På nynorsk har sterke verb inga ending i presens, og dei har endinga -e i perfektum.

Svake verb: Fortidsending og som regel ikkje omlyd.

Eks: koke – koker – kokte – kokt, dømme – dømmer – dømde – dømt, hoppe – hoppar – hoppa – hoppa

Dei svake j-verba kan ha omlyd, men høyrer likevel med til gruppa svake verb, sidan dei har fortidsending.

Eks: fortelje – fortel – fortalde – fortalt, velje – vel – valde – valt, spørje – spør – spurde – spurt

Dei fleste verba som er svake på nynorsk, vil også ha svak bøyning på bokmål, og dei fleste verba som er sterke på nynorsk, har også sterk bøyning på bokmål. Men merk desse unntaka:

Svake verb på nynorsk, sterke på bokmål: hjelpe, sleppe, treffe, trekkje

Sterke verb på nynorsk, svake på bokmål: drepe, gale, gnage, grave, lese, skine, suge, trenge, vege, veve

## 2 Substantiv

### Fleirtal av substantiv: Få *a* og *e* på rette staden

**Hankjønn fleirtal:** *-ar* og *-ane*. Eks: ein gut – guten – gutar – gutane

Unntak: ord som endar på *-nad* og *-a*: fl: *-er* og *-ene*

Eks: ein søknad – søknaden – søknader – søknadene, ein sofa – sofaen – sofaer – sofaene

Hugs at hankjønnsord alltid har endinga *-r* i ubestemt fleirtal også i ord som fedrar, lærarar, amerikanarar (ikkje fedre, lærere, amerikanere).

**Hokjønn fleirtal:** *-er* og *-ene*. Eks: ei jente – jenta – jenter – jentene

Unntak: ord som endar på *-ing*: fl: *-ar* og *-ane*. Eks: ei retting – rettinga – rettingar – rettingane

Hugs at hokjønnsord alltid har endinga *-r* i ubestemt fleirtal også i ord som mødrer, søstrer (ikkje mødre og søstre).

**Inkjekjønn fleirtal:** inga ending og *-a*. Eks: eit hus – huset – hus – husa

Merk at *alle* inkjekjønnsord endar på *-a* i bestemt form fleirtal: alle husa, alle breva, alle partia.

Merk også at inkjekjønnsord som endar på *-e* i ubestemt eintal, følgjer hovudregelen om inga ending i ubestemt fleirtal: eit menneske – fleire menneske, eit eple – fleire eple, eit emne – fleire emne (ikkje fleire mennesker, epler, emner)

**Nokre slektskapsord:** Slektskapsorda blir ofte bøygde feil. Dette er rett bøyning:

brør – brørne, døtrer – døtrene, fedrar – fedrane, mødrer – mødrene, søner – sønene, søstrer – søstrene

### Kjønnsproblematikk

Dei fleste vil ha god hjelp av talemålet sitt for å bestemme kva grammatikalsk kjønn eit substantiv har på nynorsk. Også bergensarar, som ikkje har hokjønn i dialekten sin, har betre kjensle for kjønn enn dei ofte trur. Dei høyrer hokjønnsforma i andre dialektar og møter ho i skriftleg bruk både på bokmål og nynorsk.

Tips: Det er lurt å spørje seg kva ending substantivet vil kunne ha i bestemt form eintal. Dersom språkkjensla vår finn det naturleg med a-ending, er som regel ordet eit hokjønnsord. Det er for eksempel ikkje vanskeleg å kjenne igjen hokjønnsforma i ord som sola, boka, døra, avisa, lykta, og hankjønnsforma i ord som gaffelen, bilen, kniven og sjefen (vi høyrer at det blir feil å seie f. eks. gaffela, bila, kniva og sjefa).

Alle “kvinneord” er naturleg nok hokjønn, og alle ”mannsord“ er hankjønn. Ord som endar på *-ing* er hokjønn. Nokre få ord på *-ning* med konkret tyding er hankjønnsord: bygningen, leidningen.

Ord som har inkjekjønn på bokmål, har nesten alltid inkjekjønn på nynorsk. Unntak: Ord som endar på *-skap* er til vanleg hankjønn: f. eks. bodskapan, vennskapen (men: formannskapet, representantskapet). Merk dessutan: ein stad – staden, ein medlem – medlemmen.

Råd: Bruk ordlista til å bestemme kjønn berre dersom du har ein god grunn til å vere usikker. Prøv først hjelpereglane ovanfor.

Ein del substantiv har valfritt kjønn (sjå oversikt i minigrammatikk i ordliste). Enkelte substantiv har også uregelrett bøyning (sjå oversikt i minigrammatikk i ordliste).

Merk deg kjønna i orda nedanfor. Her er det lett å gjere feil:

**Hankjønn:** ein analyse, ein annonse, ein brosjyre, ein dialekt, ein epoke, ein fase, ein karriere, ein lekam, ein medlem, ein nerve, ein note, ein pause, ein periode, ein salme

**Hokjønn:** ei adresse, ei interesse, ei norm, ei oversikt, ei reform, ei rolle, ei sak, ei setning, ei sone

### 3 Ordval

Prefiksa (forstavingane) *an-* og *be-* og suffiksa (etterstavingane) *-het* og *-else* blir ikkje brukte så mykje i nynorsk som i bokmål. Merk deg desse typiske nynorsksuffiksa som alternativ: *-semd*, *-leik*, *-løyse*, *-ing*, *-nad*, *-dom*. Eks: takksemd, tryggleik, arbeidsløyse, røyndom, grunngeving

No er mange lånord som er utbreidde i talemålet, tillatne på nynorsk, til dømes mange ord som endar på *-heit*: f. eks. verkelegheit, hemmelegheit, ømheit. Men ikkje bruk suffikset *-heit* ukritisk. Tenk etter om du kan bruke typiske nynorsksuffiks i staden.

### 4 Setningsbygnad

I setningsbygnad ligg nynorsk nærare den munnlege talen enn bokmål. Det er lurt å spørje seg: Korleis ville eg uttrykt meg munnleg? Følgjer du den munnlege stilen, vil du lettare kunne rette deg etter råd og reglar for god uttrykksmåte på nynorsk.

### Susbstantivsjuke

Substantivsjuke vil seie å bruke substantiv i utide der ein like gjerne kunne ha uttrykt seg med eit verb:

Det er heilt nødvendig å rydde opp (ikkje: Opprydding er heilt nødvendig).

Då utstillinga opna, heldt han ein tale (ikkje: Ved opninga av utstillinga heldt han ein tale)

## Dobbel bestemming

I nynorsk bruker vi dobbel bestemming i vanleg prosa. Eks: den eldre generasjonen (ikkje den eldre generasjon), dei første leveåra mine (ikkje mine første leveår), den norske regjeringa (ikkje den norske regjering)

## Genitiv

På nynorsk bruker vi ikkje så ofte *s*-genitiv som på bokmål. Vi bruker oftast andre konstruksjonsmåtar.

Preposisjonsuttrykk: Bilen til naboen, folket i bygda (ikkje naboens bil, bygdas folk)

Samansetningar: boktittelen (ikkje bokas tittel), fjelltoppen (ikkje fjellets topp)

Leddsetningar: Kva teknologien har å seie for samfunnet,... (ikkje teknologiens betydning for samfunnet)

Merk at *s*-genitiv kan brukast:

- ved særnamn: Wergelands forfattarskap, Aasens ordbok
- i uttrykk for tid, mål, vekt: ein times tid, tre vekers ferie
- ved substantiv i ubestemt form: kvinners rett, barns behov

Men unngå *s*-genitiv ved substantiv i bestemt form. (ikkje: kvinnenens rett, kvinna's rett, barnas behov, barnets behov, fars v)

*Sin*-genitiv kan ikkje brukast automatisk i staden for *s*-genitiv, men kan nyttast i ein del tilfelle, særleg ved eigeomsforhold: Bente sin bil, ordføraren sitt framlegg

## Passiv

Nynorsk og bokmål har ulik tradisjon når det gjeld bruk av passiv. På bokmål kan vi hengje på endinga *-s* i alle typar verb for å uttrykkje passiv (f eks huset bygges, saken diskuteres, planer utarbeides). Den tilsvarande passivkonstruksjonen i nynorsk er omskriving med hjelpeverba bli (verte) og vere. Eks: saka blir undersøkt, saka er undersøkt, brevet blir sendt, brevet er sendt, saka blir diskutert

I somme tilfelle kan vi på nynorsk uttrykkje passiv ved å hengje på verbet endinga *-st*. Men merk at denne passivforma av hovud verbet på nynorsk *aldri kan stå aleine*, men alltid må stå saman med eit av dei modale hjelpeverba (bør, kan, må, vil, skal). Eks: brevet skal sendast, saka må undersøkjast, huset må rivast, spørsmålet bør diskuterast (altså ikkje: brevet sendast, saka undersøkjast, spørsmålet diskuterast)

## st -verb

På nynorsk har vi ei lita gruppe faste verb som får *-st* som ending i alle former:

Eks: finnast, treffast, møtast, synast

## Kjelder

Almenningen, Olaf m. fl. 2007. *Den beste boka i praktisk nynorsk for lærarstudentar*. Oslo: Det norske Samlaget.

Fretland, Jan Olav. 2007. "Du skriv feil lærar". I: Anne Steinsvik Nordal (red.). *Betre Nynorskundervisning*. Skrifter frå nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa nr 2. Høgskolen i Volda.



## Vedlegg 5: Lesetips for lesestoff på nynorsk

Berit W. Bjørlo  
Høgskolen i Bergen  
August 2009

### Lesetips for lesestoff på nynorsk

#### Bøker for barn og ungdom

På nettstaden [nynorsk.no](http://nynorsk.no) finn du peikarane *Nynorsk for ungdom* og *Nynorsk for born*. Desse peikarane kan bringe deg til nettstader med gode presentasjonar av barnebøker og ungdomsbøker på nynorsk. Sjå mellom anna *Blåmann barnebokklubb*. Og barne- og ungdomsbøker kan som kjent vere givande lesing også for vaksne.

Fantasybøker er populære, og kvifor ikkje lese dei på nynorsk? *Skammarserien* og *Katrionaserien* av Lene Kaaberbøl er meint å passe for alderen 9-12 år, men blir med glede lesne både av ungdommar og vaksne.

For fans av fantasysjangeren er det også kjekt å vite at Tolkiens *Ringenes herre* no er omsett til nynorsk med tittelen *Ringdrotten* (Tiden forlag).

Også Astrid Lindgrens *Mio, min Mio* (Damm forlag) og Roald Dahls *Georgs magiske medisiner* og *Charlie og sjokoladefabrikken* (Gyldendal Norsk Forlag, omsett av Ragnar Hovland) er komne i nynorske utgåver. Jules Vernes klassikar *Ei verdsomsegling under havet* (Samlaget) er også omsett til nynorsk.

Vevstaden til [Nynorsksenteret](http://Nynorsksenteret) inneheld mange lesetips både for sakprosa (tekstbasen) og skjønnlitteratur (boktips) ordna etter ulike alderstrinn i spennet frå førskolealder til og med vidaregåande skole. Tekstbasen inneheld eit mangfald av nynorsk sakprosatextar til bruk i grunnskolen og vidaregåande skole. Sakprosatextane er sorterte etter sjanger og klassetrinn. Boktipsa er sorterte etter sjanger, emne og aldersgruppe. På [boktips.no](http://boktips.no) finst også eit arkiv for kategorien dei litt eldre. Her er forslag til bøker for ungdom som vil nærme seg vaksenlitteraturen. Dessutan inneheld nettsida Lesetips og oversyn gode peikarar til andre informative nettstader om nynorsktexstar for barn og unge.

*Magasinett* er eit elektronisk ungdomstidsskrift som legg vekt på nyhende, artiklar og kommentarstoff. Her finst mange meldingar av både ungdomsbøker og filmar. Alle bokmeldingane på *Magasinett* er skrivne på nynorsk, men kritikkane omfattar også bøker og andre tekstar på bokmål. Sjå også Lærarrommet og andre stader på *Magasinett*.

Deichmanske bibliotek har oppretta [skoleverkstedet.deichman.no](http://skoleverkstedet.deichman.no), der vi mellom anna finn tips til bra nynorske bøker for ungdom.

Det store nynorskforlaget Det norske Samlaget har eigne nettsider for barne- og ungdomsbøker. Her er også lenkjer til meldingar og artiklar om mange av bøkene.

Skald er eit mindre nynorskforlag som blant anna har satsa på å gi ut nyare barnelitteratur både av norske og utanlandske forfattarar. Fleire prisløna utanlandske barnebøker omsett til nynorsk er på forlaget si utgjevarliste.

Mangschou forlag gir ut barne- og ungdomsbøker av høg kvalitet. Her finst mange interessante og gode bøker på både bokmål og nynorsk.

Ein viktig nettstad for barne- og ungdomslitteratur er [barnebokkritikk.no](http://barnebokkritikk.no). Her blir det lagt vekt på å løfte barne- og ungdomslitteratur inn i seriøs litteraturkritikk. Her finst kvalitetssikra og informative vurderingar, ikkje berre presentasjonar, av barne- og ungdomslitteratur på begge målformer.

Andre gode ressursider for barne- og ungdomslitteratur og aktørar innanfor lesestimulering: Norsk barnebokinstitutt, Foreningen les, Lesehulen, [barnebok.no](http://barnebok.no) og dessutan frå nettstaden til *Gi rom for lesing*: [Leselenkjer](http://Leselenkjer). Alle desse ressursidene inneheld omtalar av barne- og ungdomslitteratur på begge målformer.

Sjå også foredraga om ny nynorsk barnelitteratur (2006) av Tone Birkeland og ny nynorsk ungdomslitteratur (2006) av Nina Goga. Foredraga er laga i samband med prosjektet til Det norske Samlaget, *Den gode forteljinga – Fleire bokelskarar*

Nedanfor er ei liste med namn på nokre nynorskforfattarar det kan vere verdt å merke seg innan barne- og ungdomssjangeren. Ved å surfe på nokre av nettstadene nemnt ovanfor, finn de tips og inspirasjon til å utvide lista med fleire forfattarnamn og gode nynorskbøker. Det er mange å ta av.

Her er eit knippe nynorskforfattarar som skriv gode bøker for barn og unge:

Rune Belsvik, Aino Basso, Arnt Birkedal, Oskar Stein Bjørlykke, Bente Bratland, Helga Gunerius Eriksen, Atle Hansen, Tormod Haugen, Ragnar Hovland, Per Olav Kaldestad, Marit Kaldhol, Rønnaug Kleiva, Arnfinn Kolerud, Hilde Kvalvåg, Lars Mæhle, Erna Osland, Maria Parr, Ingelin Røssland, Tor Arve Røssland, Bjørn Sortland, Linn T. Sunne, Terje Torkildsen, Ragnfrid Trohaug, Finn Øglænd, Einar Økland og mange fleire...

## **Bøker for vaksne**

På Samlagets nettsider finn du omtaler av alle bøkene forlaget gir ut, både av norsk og omsett litteratur. Det finst lenkjer til ulike meldingar og omtalar av bøkene, og dessutan oversyn over kva bøker som har vunne ulike prisar. Du kan elles søkje på forfattarnamn, titlar og sjangrar. Merk at hovudsida har inngang til både skjønnlitteratur, allmenn sakprosa og fagbøker.

Samlaget har også ein nettstad med oversyn over kva bøker som er utgitt som pocketutgåver. Her finst det fleire billigbøker av norske forfattarar.

Utvalet av billigbøker omfattar også gode bøker av utanlandske forfattarar, blant anna av dei populære bøkene til franske Anna Gavalda og amerikanske Alice Sebold. To bøker av Gavalda er på billigboklista; *Saman er vi mindre åleine* og *Eg elska ho*. *Saman er vi mindre åleine* er omsett til 36 språk. Boka er blitt karakterisert som ein sprudlande herleg roman om vennskap og kjærleik. Sebolds *Alle mine kjære* er ein thriller av ein roman om ei jente som

blir bortført og myrda. Denne boka er utgitt i 30 land og er også nettopp blitt filma av Peter Jackson og Steven Spielberg. Også Sebolds bok Nesten evig er komen som billigbok.

Mange liker å lese kriminallitteratur. Her er nokre forslag til nynorsk krim: Magnhild Bruheim har gitt ut fleire kritikkaroste krimbøker. Den sjetta heiter Nattskrik. Rune Timberlid skriv om politibetjent Rolf Randen. Operasjon Siskind er den femte boka hans. Frode Gryttens Flytande Bjørn har fått Rivertonprisen. Utanfor sesongen av Ragnar Hovland er ein kriminalroman utanom det vanlege som har fått mange lesarar. Idar Lind har skrivne Hysj og Usynlege spor under pseudonymet Telma B. S. Hansen. Audun Sjøstrand har skrivne tre krimbøker om lensmannsparet Asbjørnsen og Moe.

Vi har elles mange gode nynorskforfattarar innanfor ulike litterære sjangrar. Her er eit utval forfattarnamn å sjå nærmare på:

Brit Bildøen, Inger Bråtveit, Marit Eikemo, Halvor Folgerø, Jon Fosse, Kjartan Fløgstad, Frode Grytten, Edvard Hoem, Ragnar Hovland, Are Kalvø, Rønnaug Kleiva, Sigmund Løvåsen, Olaug Nilssen, Agnes Ravatn, Gaute Sortland, Carl Frode Tiller (Gyldendal), Finn Tokvam, Lars Amund Våge, Einar Økland, Gunnhild Øyehaug

Hugs at ikkje alle nynorskforfattarar gir ut bøkene sine på Samlaget. Bruk Google for å finne opplysningar om desse.

### **Nynorske aviser og tidsskrift**

Nynorsksenteret har laga ei oversikt over nynorske nettaviser.

I vekeavisa Dag og Tid kan du lese mykje godt avisstoff om eit mangfald av emne. Dersom du ønskjer å lese papirutgåva er det greitt å vite at det finst abonnement for studentar til reduserte prisar.

Syn og Segn kjem ut fire gonger i året og har mykje godt stoff om kultur, politikk og samfunn.

God lesing!

## Vedlegg 6: Nynorsk på nett

*Berit W. Bjørlo  
Høgskolen i Bergen  
August 2009*

### Nynorsk på nett

Nynorskordboka og Bokmålsordboka finst på nettet. Det er lurt å bokmerke denne sida, du får ofte bruk for å slå opp her. Ver òg merksam på at *Word* har nynorsk stavekontroll.

Bruker du nettleksikonet *Wikipedia*? Ta i bruk nynorskversjonen ([www.nn.wikipedia.org](http://www.nn.wikipedia.org)). Det finst også ein peikar til Wikipedias nynorskversjon på *Nynorsk.no*.

*Norsk språkråd* ([sprakradet.no](http://sprakradet.no)) har utarbeidd eit interaktivt kurs i nynorsk, spesielt med tanke på elevar i vidaregåande skole som har bokmål som hovudmål. Nettstaden til Språkrådet inneheld elles mykje god informasjon og mange råd om språk. Språkrådet har også eigne skolesider. Sjå mellom anna Leik og lær. Her kan du til dømes finne øvingsoppgåver om ordval og uttrykksformer der nynorsk og bokmål har ulike ord og vendingar. Sjå Øvingar: frå bokmål til nynorsk og ordlista Frå bokmål til nynorsk.

Norsksidene på Norsk nettskole har eigen nynorskversjon der du kan klikke deg inn på ulike emne innanfor språk og litteratur i norskfaget. Sjå mellom anna nynorsk rettskriving, grammatikk og språk.

*Nynorsk.no* er ein spennande nettstad med mange nyhende frå nynorskverda. Her finn du også lenkjer til gode nettressursar for nynorskopplæring. Merk deg at *Nynorsk.no* har peikar til nynorskavisa Dag og Tid. Her kan du lese mykje godt avisstoff på nynorsk.

Nettsidene til *Det Norske Samlagets* ([samlaget.no](http://samlaget.no)) gir deg nyttig informasjon om bøker på nynorsk.

*Magasinett* er eit elektronisk ungdomstidsskrift som legg vekt på nyhende, artiklar og kommentarstoff. Sjå også Lærarrommet med råd og tips for nynorskundervisninga.

Nynorsksenteret ([nynorsksenteret.no](http://nynorsksenteret.no)) har ei svært god vevside. Her er nokre smakebitar. Under Ressursbase for skolen vil du finne mange verdifulle undervisningstips og læremiddel. Her finst også ein tekstbase med sakprosaetekstar for ulike alderstrinn (1.–13.årstrinn). Både samansette tekstar, ulike mediesjangrar og andre sakprosa-sjangrar er representerte. Nynorsksenteret har også ei side med peikarar til fleire nettaviser på nynorsk. Nettsida Nynorsk bok.no har mange gode boktips sorterte både etter alder og ulike sjangerkategoriar. Les for meg!-sida har ei tematisk lesetipsliste over nyare nynorske bøker som passar for barn rundt skolestartalder. Sjå også nettsida med tips til bruk av nynorske teikneseriar i undervisninga.

På nynorsk er eit interaktivt nynorsk kurs frå Nynorsksenteret. Kurset gjev ei enkel innføring i teksttypar og sjangrar, med eksempel frå moderne nynorsk skjønnlitteratur og sakprosa. Teksteksempla er også grunnlag for å lære om det nynorske formverket. Sjå også den nyttige nettsida Nynorsk kurs og skrivehjelp. Der har Nynorsksenteret lagt inn mange peikarar til andre vevbaserte nynorsk kurs.

Nynorsksenterets vevside viser også til ein filmbasert ressurspakke for sidemålsopplæringa ([www.skulepraksis.no](http://www.skulepraksis.no)). Pakken inneheld 20 kortfilmar som skal inspirere norsklærarar til å gi elevane god nynorskundervisning. Solide lærarretteiingar følgjer med.

Lykke til med nynorsk på nett!